


Nissedal kommune



**Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram
2024 – 2027**

Kommunedirektøren sitt framlegg


Innhold

1 Innleiing	3
2 Nå-situasjon og utviklingstrekk	5
2.1 Økonomiske rammer	5
2.2 Sentrale inntekter/utgifter	7
2.3 Bevilgningsoversikt pr. rammeområde	9
2.4 Hovudoversikter – driftsbudsjettet	10
2.5 Hovudoversikter – investeringsbudsjettet	12
2.6 Eigenbetalningar/avgifter 2023	17
2.6.1 Gebyr renovasjon (Indre Agder og Telemark avfallsselskap IKS)	20
2.6.2 Gebyrregulativ etter plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og matrikkellova	21
2.7 Økonomiplan 2024 - 2027	22
2.7.1 Driftsbudsjettet 2024 - 2027	22
2.7.2 Investeringsbudsjett 2024-2027	24
2.7.3 Oversikt gjeld og andre vesentlige forpl. 2024-2027 (jf. §5-7)	25
2.8 Måltall	26
2.9 Budsjettføresetnader	26
2.10 Noter	27
2.10.1 Budsjett for kraft- og næringsfond	27
2.10.2 Budsjetterte dekningsgrader	28
2.10.3 Utvikling disposisjonsfond «felles buffer»	29
2.10.4 Berekning av minste tillatte avdrag	29
3 Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)	30
4 Hovudmål	32
4.1 - Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet	32
4.2 - Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd	33
4.3 - Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor	33
5 – Handlingsdelen	34
5.1 Sentral leiing	34
5.2 Fellestenesta	36
5.2.1 Berekning av ramme felles:	37
5.3 Andre interkommunale samarbeid	38
5.4 Eining for oppvekst og kultur	41
5.6.1 Heile eininga	41
5.6.2 Grunnskule og SFO	42
5.6.3 Barnehage	45
5.6.4 Kultur	48
5.6.5 Vaksenopplæring og flyktningteneste	49
5.6.6 Berekning av ramme for oppvekst og kultur	51
5.5 Eining for velferd	52
5.5.1 Heile eininga	52
5.5.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester	54
5.5.3 Heimebaserte omsorgstenester	55
5.5.4 Helsetenester:	56
5.5.5 Habilitering og aktivisering	57
5.5.6 Berekning av ramme for velferd	59
5.6 Eining for teknisk drift	60
5.6.1 Kommunale utleigebustader	61
5.6.2 Kommunale bygg	61
5.6.3 Kommunale grøntanlegg	62
5.6.4 Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)	62
5.6.5 Brann- og ulykkeberedskap	62
5.6.6 Berekning av ramme teknisk	63
5.6.7 Vatn og kloakk	64
5.6.8 Berekning av ramme sjølvkost vatn og kloakk	66
5.7 Plankontor	67
5.7.1 Administrasjon og plan	67
5.7.2 Kart og oppmåling	68
5.7.3 Byggesaksbehandling	68
5.7.4 Berekning av ramme for plan og næring	69
5.8 Næringsutvikling	70
5.8.1 Næringsbaserte kulturaktivitetar	70
5.8.2 Berekning av ramme for næring	72

1 Innleing

Dette dokumentet inneheld økonomi- og handlingsplan for perioden 2024-2027. Fyrste år i økonomiplanen er samstundes det bindande budsjettet for 2024.

Figuren under syner planhierarkiet i Nissedal kommune. Ved den årlege rulleringa av handlingsprogrammet skal dette bygge på den langsiktig delen av samfunnsdelen, samt vedtekne temaplanar.



Budsjett, økonomiplan og handlingsplan leggst fram som eit integrert dokument, der handlingsdelen tek utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Under kvart tenesteområde i handlingsdelen er det summert opp økonomiske nøkkeltal, og kva som ligg til grunn for den økonomiske ramma. Endringar frå 2023 til 2024 er omtala under "Spesielle tiltak/endringar i 2024", under kvart tenesteområde.

Under oversikt over berekning av ramme for kvart rammeområde er allereie vedteke endringar gjennom året sett opp eller heilårsverknad av tiltak lagt inn i førre års budsjett sett opp under «korrigeringar». Sum av førre års ramme og desse endringane gir «oppgåvekorrigert ramme».

Tiltak/endringar foreslått nå i samband med budsjettet kjem fram under «Tiltak». Dette kan vere både nye tiltak og tiltak som låg inne i gjeldande økonomiplan. Dokumentet har diverse vedlegg som belyser grunnlaget for ymse tal, eller grunngjev nærare dei vurderingar som ligg til grunn.

2 Nå-situasjon og utviklingstrekk

Med eit folketal på 1.470 fastbuande (SSB pr. 01.07.2023) er Nissedal kommune blant dei mindre kommunane i landet, og den nest minste i Telemark.

Folketalet hadde i ein lengre periode ein positiv utvikling med ein «topp» 30.06.17 med 1.495 innbyggjarar. Deretter kom det ein periode med nedgang i folketalet. Men siste året har det vore ein positiv utvikling att, der busetjing av flyktningar nok har bidrege til auken i folketal. Dersom ein ser i eit enda lengre tidsperspektiv så har Nissedal omlag same folketal i 2023 som i 2000.

2.1 Økonomiske rammer

Overføringane frå staten har dei siste åra stort sett vore i samsvar med løns- og prisveksten. For 2024 er det for Nissedal blitt berekna realvekst i frie inntekter (skatt/naturressursskatt/rammetilskot) på 2,8%. Dette er lågast vekst i frie inntekter i Telemark der snittet er på 4,8%. I kroner aukar dei statlege overføringane med 7,1 mill. samanlikna med justert budsjett 2023. Løns-/prisvekst frå 2023 til 2024 er berekna til 11 mill. «Auken» i rammetilskot skal og ha i seg kompensasjon for endring i oppgåver, der halvering av opphaldsbetaling i barnehage frå 01.08.24 utgjer det største momentet (utgjer omlag 0,3 mill.). Den svake veksten i frie inntekter er årsaka av at kostnadsindeks for kommunen har gått ned med 3,74%. Her skil Nissedal seg sterkt ut i fylket. Bakgrunn for denne reduksjonen i kostnadsindeks er samansett, men dei viktigaste momenta er nedgang i aldersgruppa +90 år og 2-5 år. I tillegg er det og nedgang i høve til psykisk utviklingshemma.

Kraftinntektene (nærare bestemt konsesjonskraftinntektene) har i løpet av siste 2 år auka vesentleg. Frå 2024 vil dette snu og dei byrjar nå å gå nedover att. Samanlikna med opphavleg budsjett 2023 går konsesjonskraftinntektene ned med 8,7 mill. Men dei er framleis på eit høgt nivå og utgjer for 2024 14,3 mill. Saman med andre kraftinntekter (m.a. eigeomsskatt kraftverk) må kommunen seiast å ha ein relativt god økonomisk situasjon som gjev høve til høg ressursinnsats på nær sagt alle tenesteområde. Men det er ein svakhet at ein er så avhengig av kraftinntekter for å finansiere kjerneverksemd til kommunen og ein ser at ein får ei utfordring med budsjettbalansen i planperioden.

Statsbudsjettet for 2024

Statsbudsjettet gav 138,7 mill. i frie inntekter.

Kvart år blir det gjort uttrekk/endingar i kva rammetilskotet skal ta omsyn til. For 2024 er det gjort fylgjande endingar i overføringane til Nissedal kommune (minus betyr red. rammeoverføring):

- Endring elevtal private/statlege skular	-kr 41.000
- Red. pensjonspåslag priv. Bhg.	-kr 12.000
- Gratis SFO 2. trinn heilårseffekt	kr 299.000
- Div. korr. ny opplæringslov	kr 16.000
- Auke stasar øk. sosialhjelp heilårseffekt	kr 58.000
- Red. maks.pris og gratis for 3. born barnehage	kr 484.000
- Endringar i kontantstøtte- konsekvens bhg.	kr 25.000
- Pasienttilpasset basistilskot – heilårseffekt	kr 119.000
- Ekst.ord. inntekter kons.kraft reversert	kr 1.424.000
- Vaksinasjon Covid-19 komp. 2023 engangsbevilgning	-kr 24.000
- Diverse korreksjonar	kr 13.000

Mange av summane er for ein liten kommune som Nissedal så små at ein ikkje tek omsyn til dei når rammene for tenesteeiningane skal bereknast, eller ein legg til grunn at nivået på tenestene er på eit nivå som gjer at det ikkje er naudsynt å korrigere ramma i høve til endring av rammetilskotet. Men i høve til endring av maks.pris barnehage er det gjort endring av ramme for eininga. Faktisk nedgang i inntekter er mindre enn kompensasjon i rammetilskot. Staten har overhalde sin lovnad om at uttrekk i høve til konsesjonskraft berre skulle gjerast i 2023.

Metode for budsjettarbeidet

Arbeidet med budsjett og økonomiplan tek utgangspunkt i det etablerte driftsnivået (opphavleg budsjett for førre år), og kva det vil koste å vidareføre dette i det komande året. I tillegg vert det synleggjort kva tidlegare vedtak og forventa endingar i behov betyr for budsjettet i 2023.

Føresetnadene i gjeldande økonomiplan er som regel endra i løpet av inneverande budsjettår, og kvart års arbeid med det komande års budsjett må ta omsyn til dette.

Dersom driftsnivået etter desse vurderingane er for høgt i høve til inntektene, vert det presentert tiltak for å oppnå budsjettbalanse. I tillegg til eit framlegg til budsjett i balanse leggst det fram alternative tiltak for å finne budsjett-balanse, og ein oversikt over nye ressursbehov som er vurdert, men ikkje prioritert.

Økonomiplanen vert sett opp i 2024-kroner, og syner kjente endingar frå 2024. Der ikkje anna er kjent eller vedteke, vert 2024-tala vidareført i heile planperioden.

Budsjettopplegget for 2024

Økonomisk oversikt drift syner eit negativt netto driftsresultat på kr 900.000. (-0,24%). Med omsyn til kommunen har relativt høge inntekter utover overføringar frå staten, må dette seiast å vere eit svakt resultat. Nasjonal målsetning er 1,75%.

2.2 Sentrale inntekter/utgifter

Skatt på inntekter og formue

Utviklinga i skatteinntektene siste 5 år er vist under (B2023 er gjeldande budsjett).

Tall i 1000 kroner	R2020	R2021	R2022	B2023	B2024
Skatteinntekter eks. naturressursskatt	Kr 35 652	Kr 40 535	Kr 46 261	Kr 47 148	Kr 50 237

Ordinært rammetilskot

Utviklinga i rammetilskotet siste 5 år er vist under (B2023 er gjeldande budsjett).

Tall i 1000 kroner	R2020	R2021	R2022	B2023	B2024
Rammetilskot	Kr 74 361	Kr 74 892	Kr 78 976	Kr 78 401	Kr 82 426

Skatt på eigedom

Nissedal kommune har eigedomsskatt på kraftverk. Eigedomsskatteinntektene frå kraftverk er knyt til utviklinga av straumprisen (med eit visst «etterslep», ved at dette blir rekna ut i høve til snitt siste 5 år.). Men dette er avgrensa av ei øvre grense som gjer til at auken i pris i 2022 (som nå er nyaste år i berekningsgrunnlaget) samanlikna med 2017 (som er det året som går ut av berekningsgrunnlaget) ikkje gir vekst i eigedomsskattegrunnlaget. Med ein nedgang i produksjon i 2022, gjer dette til at inntekter på eigedomsskatt kraftverk går ned med 0,5 mill. frå 2023 til 2024.

Frå og med 2015 har kommunen hatt eigedomsskatt på anna næring, bustader og fritidsbustader. Frå innføringa i 2015 har skattesatsane vore ordinært 7% og differensiert sats for hus/fritidsbustader. Frå 2015 til 2019 har dette vore 2%. Frå 2020 bestemte staten at det skal vere obligatorisk reduksjon av skattegrunnlaget for hus/hytter på 30%. Av den grunn blei skattesatsen frå 2020 endra 2,86%. Dette nivået er vidareført i 2024. Staten har og bestemt at høgaste promille hus/fritidsbustader er 4%. Det er lagt til grunn ein auke på kr 100.000 knyt til volumauke (nye hytter/hus og ombyggingar/påbygg). Ordinær sats på 7% næring og andre bygg vert vidareført uendra.

Utviklinga i eigedomsskatten siste 5 år er vist under (B2023 er gjeldande budsjett. Her ligg og avrekning for tidlegare år inne).

Tall i 1000 kroner	R2020	R2021	R2022	B2023	B2024
Eigedomsskatt kraftverk	Kr 5 980	Kr 6 903	Kr 5 325	Kr 12 516	Kr 10 100
Eigedomsskatt næring og anna eigedom	Kr 1 485	Kr 1 475	Kr 1 463	Kr 1 470	Kr 1 470
Eigedomsskatt bustad/fritidsbustad	Kr 6 015	Kr 6 135	Kr 6 296	Kr 6 550	Kr 6 650
Sum	Kr 13 480	Kr 14 513	Kr 13 084	Kr 20 536	Kr 18 220

Andre generelle statstilskot

Her ligg rentekompensasjonsordningane for investeringar i skulebygg og omsorgsbygg, og integreringstilskotet. Rentekompensasjon for investeringar i skulebygg og omsorgsbygg utgjer kr 458.000.

Det er lagt til grunn 50 busette flyktningar ved utgangen av 2023 og ytterligere 20 personar i 2024.

Tall i 1000 kroner	R2020	R2021	R2022	B2023	B2024
Integreringstilskot	Kr 5 174	Kr 3 682	Kr 8 098	Kr 14 435	Kr 13 200

Renteinntekter, utbytte og renteutgifter

Innskotsrenta på driftskonto er justert opp med kr 900.000 samanlikna med opphavleg budsjett 2023, på bakgrunn av auke i rentenivået. Men det er viktig å ta med at likviditeten og er viktig for denne posten og at renteinntekter heng vel så mykje saman med likviditetssituasjonen som i stor grad blir styrt av aktiviteten på investeringsbudsjettet.

Utbytte frå VTK er budsjettert i 2024 til kr 3.000.000, som er ned med 1,5 mill. samanlikna med 2023.

Renteutgiftene går opp med 5,9 mill. samanlikna med opphavleg budsjett 2023. Dette skuldast at ein legg til grunn 5,35% i rentenivå på innlån i 2024 mot 4,25% i opphavleg budsjett for 2023 og ein auke i total lånegjeld på 60,7 mill. i høve til det ein la til grunn i budsjett 2023.

Avdragsutgifter

I 2024 utgjer avdrag 12,3 mill. Dette er ein auke på 0,7 mill. i høve til 2023-budsjettet. Dette er ein beskjeden auke i høve til at det blir tatt opp lån på 117 mill. i 2024. Avdrag på nytt lån er budsjettert frå 2025.

2.3 Bevilgningsoversikt pr. rammeområde

Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde etter § 5-4, 2.ledd

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Opphavleg budsjett 2023	Budsjett 2024
Netto driftsutgifter pr rammeområde			
Felles	7 148	11 065	18 916
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for oppvekst og kultur	52 253	55 164	62 701
Eining for velferd	59 634	55 039	62 947
Eining for teknisk drift	24 286	16 042	18 286
Interkommunalt plankontor	-356	335	461
Sjølvkost vatn og kloakk	-8 042	-13 655	-19 514
Næring	4 226	3 333	2 822
Sum fordelt frå bevilgningsoversikt	139 148	127 323	146 619

Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:

Felles	2 732	2 529	3 269
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for oppvekst og kultur	991	0	21
Eining for velferd	694	0	0
Eining for teknisk drift	43	0	0
Interkommunalt plankontor	515	60	0
Sjølvkost vatn og kloakk	0	0	165
Næring	1 180	0	0

Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:

Felles	-742	-843	-1 057
Sentrale inntekter, renter og avdrag	0	0	0
Eining for oppvekst og kultur	-725	0	-327
Eining for velferd	-573	-388	0
Eining for teknisk drift	-444	-294	-294
Interkommunalt plankontor	0	-218	0
Sjølvkost vatn og kloakk	-4 057	-2 628	0
Næring	-3 968	-2 424	-1 697

Sum netto ramme og avsetnader/bruk av fond	134 795	123 117	146 699
---	----------------	----------------	----------------

Netto budsjettramme pr. rammeområde	Rekneskap 2022	Opph. Budsjett 2023	Budsjett 2024
Felles	9 138	12 751	21 128
Eining for oppvekst og kultur	52 519	55 164	62 395
Eining for velferd	59 755	54 651	62 947
Eining for teknisk drift	23 886	15 748	17 992
Plan	159	177	461
Sjølvkost vatn og kloakk	-12 099	-16 283	-19 349
Næring	1 437	909	1 125
Sum:	134 795	123 117	146 699

2.4 Hovudoversikter – driftsbudsjettet

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd			
Tall i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2022</i>	<i>Opphavleg budsjett 2023</i>	<i>Budsjett 2024</i>
Rammetilskot	-78 976	-74 926	-82 426
Inntekts- og formueskatt	-46 261	-40 588	-50 237
Eigedomsskatt	-13 086	-16 770	-18 220
Andre generelle driftsinntekter	-16 081	-17 889	-21 327
Sum generelle driftsinntekter	-154 404	-150 173	-172 210
Sum bevilgningar drift, netto	139 148	127 323	146 619
Avskrivningar	15 246	16 500	17 500
Sum netto driftsutgifter	154 394	143 823	164 119
Brutto driftsresultat	-10	-6 350	-8 091
Renteinntekter	-1 575	-1 353	-3 515
Utbytte	-1 650	-1 650	-3 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0
Renteutgifter	6 640	14 575	20 492
Avdrag på lån	10 879	11 579	12 264
Netto finansutgifter	14 294	23 151	26 241
Motpost avskrivningar	-15 246	-16 500	-17 500
Netto driftsresultat	-962	301	650
Disponering eller dekking av av netto driftsresultat:			
Overføring til investering	52	0	0
Avsetnad til bunde driftsfond	6 155	2 589	3 455
Bruk av bunde driftsfond	-10 508	-6 795	-3 375
Avsetnad til disposisjonsfond	5 263	3 905	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-730
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	962	-301	-650
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0

Økonomisk oversikt - Drift (§ 5-6)

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Opphavleg budsjett 2023	Budsjett 2024
DRIFTSINNEKTER			
Rammetilskot	-78 976	-74 926	-82 426
Inntekts- og formueskatt	-46 261	-40 588	-50 237
Eigedomsskatt	-13 086	-16 770	-18 220
Andre skatteinntekter	-7 631	-8 964	-7 669
Andre overføringer og tilskot frå staten	-8 449	-8 925	-13 658
Overføringer og tilskot frå andre	-30 139	-20 308	-20 607
Brukarbetalingar	-5 409	-5 533	-5 190
Sals- og leigeinntekter	-61 696	-71 060	-69 377
Sum driftsinntekter	-251 648	-247 074	-267 384
DRIFTSUTGIFTER			
Lønsutgifter	127 504	124 894	136 872
Sosiale utgifter	26 231	26 591	30 790
Kjøp av varer og tenester	68 183	57 566	62 195
Overføringer og tilskot til andre	14 474	15 173	11 937
Avskrivningar	15 246	16 500	17 500
Sum driftsutgifter	251 638	240 724	259 293
Brutto driftsresultat	-10	-6 350	-8 091
FINANSINNEKTER OG -UTGIFTER			
Renteinntekter	-1 575	-1 353	-3 515
Utbytte	-1 650	-1 650	-3 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0
Renteutgifter	6 640	14 575	20 492
Avdrag på lån	10 879	11 579	12 264
Netto finansutgifter	14 294	23 151	26 241
Motpost avskrivningar	-15 246	-16 500	-17 500
Netto driftsresultat	-962	301	650
DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT			
Overføring til investering	52	0	0
Avsetnad til bunde driftsfond	6 155	2 589	3 455
Bruk av bunde driftsfond	-10 508	-6 795	-3 375
Avsetnad til disposisjonsfond	5 263	3 905	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	-730
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0
Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat	962	-301	-650
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0

2.5 Hovudoversikter – investeringsbudsjettet

Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5, 1.ledd

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2022	Opphavleg budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	64 999	194 868	195 079
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	477	490	565
Utlån av egne midlar	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0
Sum investeringsutgifter	65 476	195 358	195 644
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 874	-9 023	-11 509
Tilskot frå andre	-27 208	-73 544	-55 775
Sal av varige driftsmidlar	-456	-490	-715
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	0	0	0
Bruk av lån	-34 512	-112 301	-127 645
Sum investeringsinntekter	-64 049	-195 358	-195 644
Vidareutlån	4 270	4 000	5 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-4 000	-5 000
Avdrag på lån til vidareutlån	479	604	669
Mottekne avdrag på vidareutlån	-1 598	-604	-669
Netto utgifter vidareutlån	151	0	0
Overføring frå drift	-52	0	0
Avsetnad til bunde investeringsfond	591	0	0
Bruk av bunde investeringsfond	-301	0	0
Avsetnad til ubunde investeringsfond	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetnader	238	0	0
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	1 816	0	0

Vedtak i høve til investeringsbudsjettet fattast i høve til budsjettskjema bevilgningsoversikt og investering fordelt på prosjekt. For prosjekt som gjev mva-kompensasjon, så inngår mva i dei oppgjevne kostnadene.

Kommentar til bevilgningsoversikt fordelt på prosjekt:

0648 Høgdebasseng Framnes:

Ramme for prosjektet er 13,6 mill., finansiert med lån. Gruneigaravtale er på plass og prosjekteringa kan forventast ferdig i løpet av 2024. Byggestart planlagt våren 2024. Budsjett 2024 12,5 mill.

0657 Høgdebasseng Tveit:

Dette prosjektet inngår i samarbeidet med Drangedal kommune. I k-sak 12/23 blei prosjektramme sett til 27,6 mill. med refusjon frå Drangedal på 9,4 mill. Atale med grunneigar og prosjektering planlagt ferdig i 2023. Byggestart våren 2024. Budsjett 2024 kr 26.636.000.

0678 Utbygging Langmoen reinseanlegg:

Prosjektet er blei vedteke i eiga sak i juni 2022. Ramme for prosjektet er 138,1 mill. der Drangedal står for 34,9%. Byggestart var opphavleg tenkt i 2022, men blei utsett pga. avklaringar med statsforvaltar. Det er lagt inn 80,9 mill. i budsjettet for 2024 og fullføring av prosjektet i 2025.

0679 Utbygging – Felles vass- og avløpsleidning Langmoen:

Prosjektet er vedteke med ei prosjektramme på 58,7 mill. der Drangedal skal refundere 34,9%. Prosjektet blei starta opp i 2023 og har gått raskare enn opphavleg framdriftsplan. Det vil bli gjort ein del avklaringar av kva som må gjerast i tillegg som t.d. kloakkpumpestasjonar på Høgefoss og i Haugsjåsund og ombygging av dagens reinseanlegg til kloakkpumpestasjon. Budsjett 2024 16 mill.

0696 IKT i skulen:

Jfr. vedteke IKT-plan for skulen blei det sett opp ei investeringsramme på kr 641.000 til IKT-utstyr i skulen ut planperioden 2023-2026. For å få ei fornuftig rullering på PC-ane på elevane og få på plass elektroniske tavler i alle rom blei budsjettet/ramma for 2023 auka med kr 515.000 og tilsvarande reduksjon i 2024. Avsett budsjettsum i 2024 er kr 125.000.

0697 Tilbygg/ombygging – Nissedal omsorgssenter:

Forprosjektet er nå fullført og prosjektet vil bli lyst ut på anbod mot slutten av 2024. Prosjektramma blei utvida i k-sak 46/23 med kr 2.348.000 på bakgrunn av velferdsteknologi. Prosjektet utløyser tilskot frå Husbanken. Prosjektet tek for seg dei utfordringar som har vore kring kjøkken og vaskeri. I tillegg garderobeløysningar, medisinrom, vaktrom for heimesjukepleia, isolat, treningsrom, kafe for brukarar og besøkande, sansehage, ny adkomst frå parkeringsplass, ny veg for varelevering. Budsjett 2024 er 20,3 mill.

0704 Anleggsbidragsavtale – Raudnes hyttefelt:

Kommunestyret vedtok i k-sak 45/23 utbygging av VA-infrastruktur i Raudnes hyttefelt, organisert som ei frivillig anleggsbidragsavtale. Prosjektet er fullfinansiert med anleggsbidrag. Budsjett 2024 er 1,5 mill.

0705 Ombygging/rehabilitering – Tveit skule:

Prosjektet blei vedteke i k-sak 35/23 med ei prosjektramme på 58,5 mill. der 15 mill. av ramme knyta seg til energibesparande tiltak. Ombygginga løyser behov/utfordringar knyt paviljongen og uteområdet og dei fleste utfordringane elles kring storskulen. Det blir lagt til grunn oppstart av

prosjektet hausten 2024 og budsjett for 2024 er lagt inn med 28,75 mill. i 2024. Resterande del av prosjekt er lagt inn i 2025.

0706 Brannbil:

Brannvesenet har i dag to utrykkingskøyretøy.

- Ein Scania tankvogn 2013 modell med ein kapasitet på 12000 liter, og med plass til to personar.
- Ein Mercedes Sprinter 2006 modell med skjæresløykar (ein slags høgtrykksspyler som kan nyttast i sløkkeinnsats) og plass til 4 personer.

Ein manglar plass til mannskap ved utrykking og det må nyttast privatbilar for å få ut alle mannskap.

Sprinteren er 17 år gamal og begynner å bære preg av høg alder. Det er stadig ting som må fiksast og pålitelegheita er også svekka. Bilen går stadig i ein nødmodus under utrykking og da er maks hastighet 40km/t – bilen må fysisk stoppast for å få bort denne modusen. I motbakke har den ein maks hastighet på 40 km/t. Dette er ei stor påkjenning for konstablar på utrykking når det handlar om å redde liv. Bilen er liten og ein har utfordringar med å få med alt av utsyr som er naudsynt for å kunne handtere hendingar som brannvesenet skal vere dimensjonert for å klare. Det er viktig å huske at det er sekundane som tel når ein skal redde liv. I tillegg til mannskapenes kunnskap, trening og erfaring, er brannbilen eit av bannmannskapa sine aller viktigaste reiskap i kampen mot flammene. Dei bør være optimalt utstyrt og rigga uavhengig kor i landet ein er.

Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødalarmeingsssentralene – seier at ein kvar kommune skal sikre at ein har eit brannvesen som er organisert, utrusta og bemanna, slik at oppgåver pålagt i lovar og forskrifter blir utført tilfredsstillande.

§19 i forskrifta sikre at brannvesenet er organisert og dimensjonert på bakgrunn av den risiko og sårbarhet som ligg føre. Vest-Telemark Brannvern har saman med deltakerar frå brannvesena utarbeida ei ny ROS-analyse, og utkast til beredskapsanalyse og førebyggjande analyse er gjennomgått av lokalt brannvesen og vil bli ferdigstilt tidlig på hausten 2023. I beredskapsanalysa kjem det tydelig fram at behovet for mannskapsbil gjeld for alle hendingar Nissedal brann og redning skal handtere og ikkje berre for dei som er dimensjonerande. Samt at brannvesenet har behov for ein lett utrykkingsenhet (feremskutt enhet)

Krava til ein moderne mannskapsbil er at han skal ha;

- Plass til minst 4 personar i tillegg til førarplass.
- Minst 2000 liters vasstank med montert pumpe og som oppfyller krava til røykdykkar teneste.
- Montert vinsj.
- Utstyr for nødvendig brann- og redninginnsats – brann, trafikkulykker og overflateredning er lovpålagte krav og i tillegg kjem dei hendingane som kommunen definerer gjennom sin ROS-analyse (til dømes bistand helse, PLIVO).
- Kapasitet til å drifte permanent montert utstyr utan avbrot i minst 4 timar.

I kommunen sine arealplanar skal det planleggjast for både drikkevatt og sløkkevatt. Det skal iht. §12-9 i plan og bygningsloven vere eit krav til VA-planer og brannvann i reguleringsplanar. Om ikkje det er mogleg å tilfredstille kravet til brannvatt via ledningsnett, så må ein identifisere kva for tiltak som skal ivareta brannsikkerheten. Kommunen har valt å ikkje legge til rette for uttak av brannvann på ledningsnett i mange av dei store hyttefelt. Ein har valt å seie at bruk av tankbil vil vere meir hensiktsmessig alternativ, men det er heller ikkje lagt til rette for fylling av tankvogn hovud delen av hyttefelt. Dette gjev store utfordringar særleg på vinterstid når det er utfordrande å hente vatt frå vatt/bekkar.

For å sikre to separate vassforsyningar på min. 2000 l slik forskrift og veileder krev ved røykdykkarinnsats, må ein i dag nytte seg av vatt/bekkar i området for å få den andre separate vasskjelda. Det tar tid å etablere ei slik forsyning opp til 30 min. eller meir, og det forusett at ein har med utstyr nok til å etablere ei slik vassforsyning. Det er derfor viktig at brannvesenet har nok vatt til å starte innvendig og utvendig sløkkeinnsats omgåande og sikre vatt fram til alternativ forsyning er etablert. Om ein ikkje finn ei løysing på denne utfordringa må ein vurdere å legge ned røykdykkertenesta i brannvesenet og det vil også bety at ein ikkje kan gjennomføre livreddande innsats i bygningar som brenn. Dette handlar om tryggleiken til menneska ved innsats.

Lovkrav

- Brann og eksplosjonsvern loven
- Forskrift om brannforebygging
- Forskrift om organisering, bemanning og utrustning av brann- og redningsvesen og nødalarmeingsentralene
- Veiledning om røyk- og kjemikaliedykking

Det er gjort en del undersøkingar rundt om i brannvesen og hos leverandørar av bilar til brannvesen, og ein er ganske så eining om at å kjøpe ein bruka/utrangera brannbil ikkje er ei god løysning. Brannbilar bytast ut fordi dei ikkje lengre fungerer til oppgåva dei er tiltenkt, har mykje problem med rust, vanskelig å få tak i reservedelar, elektronikk begynner å bli gamal mm. Det som kan være ei løysing er å sjå om ein kan få tak i ein demobil, men dette er eit snevert marked.

Ein ny bil kostar frå 4.5 – 5.5 mill. avhengig av type bil og utstyr som skal være med. Hos fleire leverandørar er det mogleg å lease bilen ned til 0 verdi og at kommunen da overtar bilen. Men dette vil truleg vere ei meir kostbar løysing totalt sett.

Prosjektet er lagt inn med ei prosjektramme/budsjett på 6,25 mill.

0707 Traktor:

Traktoren til teknisk avdeling begynner å bli gamal, den er 21 år og har gått 5600 timar. Det har blitt varsla av servicemekaniker at clutchar i girkasse begynner å bli slitt. Det er hovudsakleg nytta lokal mekanikar ved reparasjonar. Det vil bli ein stor kostnad om den havarer. Det har tidlegare år vert høye kostnader i forbindelse med feil og havari som følgje av stor slitasje. Traktoren blir brukt til vintervedlikehald, soping og elles til naudsynt vedlikehald gjennom året. Det er særleg kritisk når ein

får havari i brøytesesongen da det er svært vanskeleg å finne andre som kan brøyte for oss. Teknisk er heilt avhengig av ein fungerande traktor. Drifts pålitelegheita til ein 21 år gamal traktor er låg. Konsekvensane ved ein at traktoren stoppar over 24 timar er høg. Det har tidligare blitt vurdert å sette den kommunale brøytinga ut på anbod – anbodet var på 500.000,- i 2019 og vart vurdert til å vere for høgt til å vere lønsamt. I dag vil kostnaden på å sette det vekk vere ca. 600 000,- . Ein har sjekka opp prisar på nyare traktorar som kan vere aktuelle og dei kostar ca. 900.000,- + ekstrakostnader for naudsynt hydraulikkssystem ca. kr 100.000,- Ved sal av dagens traktor kan ein forvente å få ca.150.000-200.000

Prosjektet er lagt inn med prosjektramme/budsjett på 1,25 mill. Det er då lagt til grunn ein salsverdi på noverande traktor på kr 150.000.

0708 Etablering IKT-samarbeid:

Prosjektet er vedteke i k-sak 69/23. Under føresetnad av likelydande vedtak i alle Vest-Telemark kommunane vil kommunen inngå i eit nytt IKT-samarbeid frå hausten 2024 og avslutte samarbeidet med noverande leverandør. Etablering av dette samarbeidet og kostnad for å kjøpe seg inn i det etablerte samarbeidet til Vinje, Tokke og Kviteseid (VTDS) vil medføre ein kostnad. Prosjektet er lagt inn med ei prosjektramme/budsjett på kr 875.000.

0126 Startlån:

Kommunen tek opp lån i Husbanken for vidareutlån til etablering (ordninga er behovsprøvd). Det vert tilrådd eit opptak på kr 5.000.000. Desse vidareutlåna påfører ikkje kommunen utgifter. Men det ligg sjølvstilt ein risiko knytt til utlåna, dersom låna ikkje blir betalt. Då avhenger risikoen med kor høg prioritet startlånet har i høve til pantesikkerhet.

0149 EK-innskot KLP:

Kommunane må kvart år betale inn eit eigenkapitalinnskot til KLP. For 2024 er dette anslått å utgjere kr 565.000. Dette kan ikkje finansierast ved bruk av lån. Slike utgifter må finansierast ved driftsmidlar eller sal av driftsmidlar/eigedom. Det er lagt til grunn at det blir selt tomter i 2024 tilsvarande utgift til EK-innskotet.

2.6 Eigenbetalinger/avgifter 2023

EIGENBETALINGAR/AVGIFTER					
Tekst	B-2023	B-2024	Auke kr	Auke %	Inkl. mva
Tomtepris komm. bustadfelt (minstepris 50.000)					
Tilleggsareal pr. m2	20	20	0	0,0 %	
Husleige komm.hus pr. m pr. år	864	864	0	0,0 %	
Husleige Tannleige pr. m pr. år (avt.fest. reg.)	795	795	0	0,0 %	
Kopiering pr. kopi	2	2	0	0,0 %	2,50
Gebyr etablererprøve for styrar serveringstad	420	420	0	0,0 %	
Foreldrebetaling barnehage pr. mnd.					
19 timer pr.veke	1 455	1 455	Frå 1/8-2024 727	0	0,0 %
28 timer pr. veke	2 060	2 060	1 030	0	0,0 %
38 timer pr.veke	2 650	2 650	1 325	0	0,0 %
47,5 timer pr. veke	3 000	3 000	1 500	0	0,0 %
Kjøp av enkeltdagar	355	355	177	0	0,0 %
Foreldrebet. barnehage pr.mnd.- låg inntekt					
19 timer pr.veke	175	175	0	0,0 %	
28 timer pr. veke	235	235	0	0,0 %	
38 timer pr.veke	305	305	0	0,0 %	
47,5 timer pr. veke	395	395	0	0,0 %	
Betaling for mat i barnehage pr. mnd.	470	490	20	4,3 %	
Foreldrebetaling skulefritid pr. mnd. 3-4 klasse.					
0 - 3 timar pr. veke	430	430	0	0,0 %	
4 - 6 timar pr. veke	705	705	0	0,0 %	
7 - 12 timer pr.veke	1 030	1 030	0	0,0 %	
13 - 20 timer pr. veke	1 510	1 510	0	0,0 %	
Kjøp av enkeltdagar	215	215	0	0,0 %	
Foreldrebetaling skulefritid pr. mnd. 1-2. klasse.					
0 - 12 timar pr. veke		0	0		
13 - 20 timer pr. veke	480	480	0		
Kjøp av enkeltdagar	215	215	0		
Foreldrebet. SFO pr.mnd.- låg inntekt					
0 - 3 timar pr. veke	175	175	0	0,0 %	
4 - 6 timar pr. veke	235	235	0	0,0 %	
7 - 12 timer pr.veke	310	310	0	0,0 %	
13 - 20 timer pr. veke	400	400	0	0,0 %	
Kjøp av enkeltdagar(t.d.dagar fram til skulestart/)	50	50	0	0,0 %	
Betaling for mat i SFO pr. mnd.	184	192	8	4,3 %	
Eigenbetaling kulturskolen pr. år	2 260	2 260	0	0,0 %	
Bading (pr. gong)					
Born	20	20	0	0,0 %	
Vaksne (o/18 år)	40	40	0	0,0 %	
Leige av lys-/lydutstyr					
Utleige av lysutstyr, liten pakke pr. time	300	300	0	0,0 %	
Utleige av lysutstyr, stor pakke pr. time	600	600	0	0,0 %	
Utleige av lydutstyr, liten pakke pr. time	300	300	0	0,0 %	
Utleige av lydutstyr, stor pakke pr. time	600	600	0	0,0 %	

EIGENBETALINGAR/AVGIFTER					
Tekst	B-2023	B-2024	Auke kr	Auke %	Inkl. mva
Abonnementsordning for heimehjelp (pr. mnd.)					
Inntekt 0-2 G (fylgjer statlege maks.satsar)	220	230	10	4,5 %	
Inntekt 2-3 G	570	600	30	5,3 %	
Inntekt 3-4 G	1 140	1 200	60	5,3 %	
Inntekt 4-5 G	1 710	1 800	90	5,3 %	
Inntekt over 5 G	2 060	2 170	110	5,3 %	
Timebetaling for heimehjelp					
Timepris uavhengig av inntekt	235	235	0	0,0 %	
Tryggingsalarmar					
Tildeling/montering	0	0			
Månadleg leige (via fasttelefon)	275	290	15	5,5 %	
Månadleg leige (via mobiltelefon)	305	320	15	4,9 %	
Leige av kommunale hjelpemiddel pr.mnd	0	0			
Transport til/frå dagsenter/dagaktivitetar	50/25	50/25			
Korttidsopphold inst. - Dagpris (fylgjer statlege i	105	110	5	4,8 %	
Korttidsopphold inst. - Døgnpris (fylgjer statlege	185	193	8	4,3 %	
Kjøp av middag	100	105	5	5,0 %	
Aldersbustader pr. mnd.					
Oddane 1	5 415	5 630	215	4,0 %	
Oddane 2, 2 høgda B14, A og B	5 300	5 510	210	4,0 %	
Oddane 2, underetasje, C og D					
Framnes II - Fredheim og Roheim	5 415	5 630	215	4,0 %	
Omsorgsbustader Pr. mnd.					
Omsorgssenteret	6 130	6 375	245	4,0 %	
5 nye omsorgsbustader v/omsorgssenteret	7 885	8 200	315	4,0 %	
Kåsa A, B, C, D, E.	6 795	7 065	270	4,0 %	
Leigeinntekter pr. mnd.					
Framnes hovudleilighet (prøvebustad)	5 005	5 205	200	4,0 %	
Framnes hybelleilighet (prøvebustad)	2 620	2 725	105	4,0 %	
Dølali rekkjehus (prøvebustad)	5 300	5 510	210	4,0 %	
Larstun hybelhus A, B, C. (prøvebustad)	5 300	5 510	210	4,0 %	
Larstun hybelhus D (ikkje oppussa) (prøvebusta	4 630	4 815	185	4,0 %	
Kåsa/Solli - Prøvebustad	7 215	7 500	285	4,0 %	
Solås – Prøvebustad	7 215	7 500	285	4,0 %	
Forstandarbustad	7 215	7 500	285	4,0 %	
Flyktningbustad - Framnes/Tveitsund bustadfelt	7 615	7 920	305	4,0 %	
Vasståmet (eigen avtale)	750	750	0		
Bu til turistinfomasjonen	1 690	1 760	70	4,1 %	
Lokstallen (eigen avtale)	1040	1040	0	0,0 %	
Fjonesundet	3 275	3 405	130	4,0 %	
Auke husleige prøvebustader etter utløp av tids:	33 %	33 %			
Pelsdyrområde					
Leige pr.da pr. år - Vadmoen	435	435	0	0,0 %	

EIGENBETALINGAR/AVGIFTER						
Tekst	B-2023	B-2024	Auke kr	Auke %	Inkl. mva	
Mila aktivitetssenter						
Leige laurdag/søndag eller bae dager.	1 825	1 900	75	4,1 %		
Tillegg for fredag kveld	730	760	30	4,1 %		
Vekedager/kveldar	730	760	30	4,1 %		
Vatn og avløp						
Heilårs bustad						
Vatn:						
Abonnementsgebyr vatn pr. år	2 100	3 600	1500	71,4 %	4 500	
Forbruksgebyr vatn pr. m3	16,50	18,00	1,50	9,1 %	22,50	
Eingongsgebyr for tilknytning til vatn	12 500	17 500	5000	40,0 %	21 875	
Avløp:						
Abonnementsgebyr avløp pr. år	2 200	2 800	600	27,3 %	3 500	
Forbruksgebyr avløp pr. m3	17,50	21,00	3,50	20,0 %	26,25	
u/vassmålar vert rekna 200m3 forbruk i året						
Eingongsgebyr for tilknytning til avløp	12 500	17 500	5000	40,0 %	21 875	
Sum kostnader for 200 m3 inkl. mva	13 875	17 750	3 875	27,9 %		
Fritids bustad						
Vatn:						
Abonnementsgebyr vatn pr. år	2 925	5 000	2075	70,9 %	6 250	
Forbruksgebyr vatn pr. m3	16,50	18,00	1,50	9,1 %	22,50	
Eingongsgebyr for tilknytning til vatn	90 000	90 000	0	0,0 %	112 500	
Eingongsgebyr for tilknytning til vatn – låg sats	25 000	30 000	5000	20,0 %	37 500	
Avløp:						
Abonnementsgebyr avløp pr. år	3 875	5 200	1325	34,2 %	6 500	
Forbruksgebyr avløp pr. m3	17,50	21,00	3,50	20,0 %	26,25	
u/vassmålar vert rekna 100m3 forbruk i året						
Eingongsgebyr for tilknytning til avløp	90 000	90 000	0	0,0 %	112 500	
Eingongsgebyr for tilknytning til avløp – låg sats	25 000	30 000	5000	20,0 %	37 500	
Sum kostnader for 30 m3 inkl. mva	9 775	14 213	4 438	45,4 %		
Næringsbygg og offentlege bygg						
Vatn:						
Abonnementsgebyr vatn pr. år	2 200	3 600	1400	63,6 %	4 500	
Forbruksgebyr vatn pr. m3	16,50	18,00	1,50	9,1 %	22,50	
Eingongsgebyr for tilknytning til vatn	12 500	17 500	5000	40,0 %	21 875	
Avløp:						
Abonnementsgebyr avløp pr. år	2 500	2 800	300	12,0 %	3 500	
Forbruksgebyr avløp pr. m3	17,50	21,00	3,50	20,0 %	26,25	
u/vassmålar vert rekna 100m3 forbruk i året						
Eingongsgebyr for tilknytning til avløp	12 500	17 500	5000	40,0 %	21 875	
Feiing						
Årsavgift feiing/tilsyn pr. pipe	390	375	-15	-3,8 %	469	
Ymse						
Timepris - Utleige teknisk personell	415	435	20	4,8 %	544	

2.6.1 Gebyr renovasjon (Indre Agder og Telemark avfallsselskap IKS)

Type abonnement/vare:	2023: (eks.mva)	2024: (eks.mva)	2024 (inkl. mva)
Gebyr - hushaldningar			
Grunngebyr hushaldningar pr.abb.	Kr 1.290	Kr 1.366	Kr 1.708
Frådrag felles sorteringsdunkar pr. abb.	-kr 256	-kr 267	-kr 334
Frådrag heimekompostering pr. abb.	-kr 350	-kr 365	-kr 456
140 l restavfall (6.kvar veke) pr. dunk	Kr 878	utgå	
140 l restavfall pr. dunk	Kr 1.474	Kr 1.561	Kr 1.952
240 l restavfall pr. dunk	Kr 2.526	Kr 2.677	Kr 3.347
(360) 370 l restavfall pr. dunk.	Kr 3.518	Kr 3.730	Kr 4.661
660 l restavfall pr. dunk	Kr 6.450	Kr 6.837	Kr 8.546
770 l restavfall pr. dunk.	Kr 7.525	Kr 7.975	Kr 9.969
Gebyr – hytter/fritidsbustader			
Grunngebyr hytter/fritidshus		Kr 820	Kr 1.025
Tilgang IATA-bu pr. abb.	Kr 122	Kr 132	Kr 165
Tilgang IATA-bu frå felt pr. abb.	Kr 244	Kr 263	Kr 329
Prisgruppe 1	Kr 1.451	Kr 747	Kr 934
Prisgruppe 2	Kr 3.194	Kr 2.630	Kr 3.287
Slam			
Slam – årleg tømning pr.tank/år	Kr 2.226	Kr 3.560	Kr 4.450
Slam – annakvart år pr. tank/år	Kr 1.285	Kr 2.057	Kr 2.572
Slam 4. kvart år pr. tank/år	Kr 733	Kr 1.173	Kr 1.466
Slam 4. kvart år m ³ > 4 pr.m ³ /år	Kr 117	Kr 189	Kr 236
Slam m ³ > 4 årleg pr. m ³ /år	Kr 367	Kr 588	Kr 735
Slam m ³ > 4 2. kv. År årleg - pr. m ³ /år	Kr 184	Kr 295	Kr 369
Spyling		Kr 2.542	Kr 3.179

Hytter/fritidsbustader:

Prisgruppe 1: Hytter/koier utan innlagt vatn og/eller avlaup. Fråflytta gardsbruk eller hus utan innlagt vatn og/eller avlaup som blir nytta som fritidsbustad.

Prisgruppe 2: Hytter med innlagt vatn og/eller avlaup. Fråflytta gardsbruk eller hus med innlagt vatn og/eller avlaup som blir nytta som fritidsbustad.

Framlegget bygger på vedtak i styret i IATA 24.10.23. Dersom vedtak i representantskapet blir ikkje blir i samsvar med styret si tilråding, vil tilråding til kommunestyret si handsaming kunne bli endra. Det er lagt inn 6% auke på hushaldningar, 8% på fritidsbustader og 60% på slam. På gebyra over er det lagt inn 1,65% i administrasjonskostnader (kommunen sine kostnader).

2.6.2 Gebyrregulativ etter plan- og bygningslova, forureiningsforskrifta og matrikkellova

Eiga sak som går parallelt med budsjettsaka.

2.7 Økonomiplan 2024 - 2027

2.7.1 Driftsbudsjettet 2024 - 2027

Økonomiplanen er sett opp med forventet utvikling i åra 2024-2027, gitt dei føresetnader som ligg til grunn for årsbudsjett 2024 og ei forventet utvikling av inntekter og utgifter i perioden. Oversikten over drift syner at med utgangspunkt i driftsnivået i 2024 og dei tiltak som er tilrådd sett i verk er det balanse i drifta i 2025 og grunnlag for avsetning til fond på omlag 1,2 mill. i perioden 2026-2027.

Økonomiplan drift etter § 5-4, 1.ledd

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
(1) Rammetilskot	-82 426	-83 770	-83 771	-83 773
(2) Inntekts- og formueskatt	-50 237	-50 237	-50 237	-50 237
(3) Eigedomsskatt	-18 220	-19 620	-20 520	-20 620
(4) Andre generelle driftsinntekter	-21 327	-21 327	-17 827	-16 827
Sum generelle driftsinntekter	-172 210	-174 954	-172 355	-171 457
(5) Sum bevilgningar drift, netto	146 619	143 442	139 103	139 468
(6) Avskrivningar	17 500	17 500	17 500	17 500
Sum netto driftsutgifter	164 119	160 942	156 603	156 968
Brutto driftsresultat	-8 091	-14 012	-15 752	-14 489
(7) Renteinntekter	-3 515	-3 515	-3 515	-3 515
(8) Utbytte	-3 000	-3 000	-1 000	-1 000
(9) Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0
(10) Renteutgifter	20 492	22 752	20 776	20 128
(11) Avdrag på lån	12 264	15 195	15 993	16 006
Netto finansutgifter	26 241	31 432	32 254	31 619
(12) Motpost avskrivningar	-17 500	-17 500	-17 500	-17 500
Netto driftsresultat	650	-80	-998	-370
Disponering eller dekking av av netto driftsresultat:				
(13) Overføring til investering	0	0	0	0
(14) Avsetnad til bunde driftsfond	3 455	3 455	3 455	3 455
(15) Bruk av bundne driftsfond	-3 375	-3 375	-3 375	-3 375
(16) Avsetnad til disposisjonsfond		0	918	290
(17) Bruk av disposisjonsfond	-730			
(18) Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresu	-650	80	998	370
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

(1) Endring i planperioden lagt inn jfr. prognose statsbudsjett. Kriterie PU korr. Frå 2025 (0,8 mill.)

(2) Ingen endring i planperioden jf. Statsbudsjett

(3) På kraftverk er det lagt til grunn at prod. vil kome opp slik at inntekt blir på 2023-nivå ut planperioden - + 0,5 mill.

På hus/hytter/næring er det lagt til grunn auke på 20% som blir fasa inn med 10% i 2025 og 10% 2026. + 1,6 mill. (0,8 i 2025 og-26)

I tillegg volumauke på hus/hytter som utgjør kr 100.000 i året.

(4) Integreringsstilskot på 2024-nivå i 2025. Nedgang i 2026 og 2027 på bakgrunn av større samsvar mellom tilskot/utg.. (5 mill.)

(5) Endringar sum bevilgningar netto - fordelt på tiltak

	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Felles:			
Konsesjonskraftinntekter red. jf. estimat/prognose 2025. Anslag 26/27	2 200	4 200	5 200
Tilskot kulturminneplan utbetalt	100	100	100
Auke utgifter ved nytt driftsmiljø IT	200	200	200
Gjennomføring av val	120		120
Oppvekst og kultur:			
Spesialpedagogiske tiltak	-315	-920	-1 392
Heilårseffekt red. stilling Treungen bhg.	-770	-770	-770
Heilårseffekt skuletransport	-215	-215	-215
Strukturendring skule/barnehage frå 1/8-25	-1 250	-3 000	-3 000
Velferd:			
Mellombels løysing legekort avslutta	-480	-480	-480
Teknisk:			
Vaskeri bygd om - effektivisert		-150	-150
Enøk-tiltak nybygg Tveit skule		-500	-500
Vedlikehald kommunale bygg til 2022-nivå			
Nedgang i straumprisar	-500	-1 000	-1 000
Ekstraord. Vedlikehald Fjoneferja avslutta	-500	-500	-500
Red. FDV-utgifter ved strukturendring bhg./skule	-194	-300	-300
Sjølvkost VA:			
Endring ved auke i rente/avskrivningar - nye inv.	-1 573	-4 181	-3 804
Plan:			
Ingen endringar			
Næring:			
Prosjekt omstillingskommune avslutta	0	0	-660
Sum endringar bevilgningar netto drift	-3 177	-7 516	-7 151
(7) Renteinntekter halde uendra			
(8) Utbytte (VTK) - Lagt til grunn same nivå i 2025 som 2024. Ei tilnærming til 2021-nivå frå 2026.			
(10) Renteutgifter jf. gjeldsoversikt			
(11) Avdrag på lån jf. gjeldsoversikt			

I økonomiplan for 2023 til 2026 var det lagt opp å trekke inn ekstra løyving til vedlikehald bygg på kr 320.000 som blei lagt inn i 2023. Denne løyvinga er tenkt vidareført då det vil vere behov minst på dette nivå i lang tid framover.

2.7.2 Investeringsbudsjett 2024-2027

Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5, 1.ledd

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Investeringar i varige driftsmidlar	195 079	91 134	641	641
Tilskot til andre sine investeringar	0			
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	565	565	565	565
Utlån av eigne midlar	0			
Avdrag på lån	0			
Sum investeringsutgifter	195 644	91 699	1 206	1 206
Kompensasjon for meirverdiavgift	-11 509	-10 137	-128	-128
Tilskot frå andre	-55 775	-25 279		
Sal av varige driftsmidlar	-715	-565	-565	-565
Sal av finansielle anleggsmidlar	0			
Utdeling frå selskap	0			
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0			
Bruk av lån	-127 645	-55 718	-513	-513
Sum investeringsinntekter	-195 644	-91 699	-1 206	-1 206
Vidareutlån	5 000			
Bruk av lån til vidareutlån	-5 000			
Avdrag på lån til vidareutlån	669			
Mottekne avdrag på vidareutlån	-669			
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift	0			
Netto avsetnader til eller bruk av bunde inv	0			
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde in	0			
Dekking av tidlegare års udekka beløp	0			
Sum overføring frå drift og netto avsetn	0	0	0	0
Framført til inndekking i seinare år (ude	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt investering fordelt på investeringsprosjekt 2025-2027

Alle tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Frå bevilgningsoversikt investering			
Investeringar i varige driftsmidlar	91 134	641	641
Fordeling på investeringsprosjekt	0		
0678 Utbygging - Langmoen Reinseanlegg	40 450	0	0
0696 IKT i skulen	641	641	641
0697 Tilbygg/ombygging omsorgssenter	20 293		
0705 Ombygging/rehabilitering Tveit skule	29 750		

2.7.3 Oversikt gjeld og andre vesentlige forpl. 2024-2027 (jf. §5-7)

GJELD SOVERSIKT						
(Alle tal i 1000)	Saldo		2024	2025	2026	2027
Rentenivå	31.12.2024		5,35 %	4,95 %	4,35 %	4,28 %
Kommunekreditt 83175021577	2 625	avdrag	750	750	750	750
Lån slutt 2027		Renter	140	93	49	16
KLP 030413681	4 752	avdrag	1 000	1 000	1 000	1 000
Lån slutt 2029		Renter	254	186	120	75
Husbank 1150716	9 101	avdrag	479	479	479	479
Lån slutt 2043		Renter	487	427	354	328
Kommunekreditt 83175591802	7 011	avdrag	292	292	292	292
		Renter	375	333	280	263
KBN 20190267	19 416	avdrag	777	777	777	777
Lån slutt 2049		Renter	1 039	923	777	731
KBN 20190413	38 334	avdrag	1 533	1 533	1 533	1 533
Lån slutt 2049		Renter	2 051	1 822	1 534	1 444
KLP 83175716877	38 158	avdrag	1 273	1 273	1 273	1 273
Lån slutt 2050		Renter	2 041	1 826	1 549	1 470
KBN 20210407	108 700	avdrag	4 529	4 529	4 529	4 529
Lån slutt 2048		Renter	5 815	5 156	4 531	4 459
Husbank 11544251 9	2 750	avdrag	125	125	125	125
Lån slutt 2046		Renter	147	130	109	107
KLP 83176016534	32 493	avdrag	855	855	855	855
Lån slutt 2062		Renter	1 738	1 566	1 376	1 354
Husbank 11545004	2 935	avdrag	65	130	130	130
Lån slutt 2047 - avdrag frå 2024		Renter	127	142	122	120
Husbank - nytt lån 2023	4 000	avdrag	-	160	160	160
2 år avdragfri periode		Renter	214	198	167	164
KBN 20230024	30 000	avdrag	750	750	750	750
Lån slutt 2063		Renter	1 605	1 448	1 240	1 220
Nytt lån mot slutt 2023	20 200	avdrag	505	505	505	505
40 år		Renter	1 081	975	857	843
Auke startlån 2023	2 000	avdrag	-	-	100	100
20 år - 2 år avdragfrihet		Renter	107	99	87	81
Nytt lån 2024	117 229	avdrag	-	2 931	2 931	2 931
40 år halv rente 2024		Renter	3 136	5 803	4 972	4 892
Startlån 2024	5 000	avdrag	-	-	250	250
Halv rente 2024		Renter	134	248	218	203
Nytt lån 2025	55 718	avdrag	-	-	1 393	1 393
40 år halv rente 2025		Renter	-	1 379	2 424	2 325
Nytt lån 2026	513	avdrag	-	-	-	13
5 år halv rente 2026		Renter	-	-	11	22
Nytt lån 2027	513	avdrag	-	-	-	-
5 år halv rente 2027		Renter	-	-	-	11
Sum avdrag drift			12 264	15 195	16 588	16 601
Sum avdrag investering			669	894	1 244	1 244
Sum renter			20 492	22 752	20 776	20 128
Lånegjeld 31.12.24	444 704					

2.8 Måltall

Jf. kommuneloven § 14-2 c skal kommunestyret vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunen sin økonomi.

Det er lagt inn måltall for fylgjande parameter:

- Netto driftsresultat skal vere betre enn 1,75% (nasjonal målsetning)
- Disposisjonsfond skal utgjere minst 5% av sum generelle driftsinntekter
- 100% inndekning på sjølvkostområde (ved omsyn til bruk av sjølvkostfond)

For framlagt budsjett er stoda på dei ulike måltala slik:

	2024	2025	2026	2027
Netto driftsresultat	(neg.) 0,24%	0,03%	0,38%	0,14%
Disposisjonsfond	10,3%	10,2%	10,9%	11,1%
Inndekning sjølvkost	100%	100%	100%	100%

I heile planperioden vert ikkje målalet for netto driftsresultat oppnådd.

For disposisjonsfond vil ein i heile planperioden nå opp i målalet som er sett (under føresetnad av at VA-gebyr blir auka slik at 100% inndekning vert oppnådd).

100% inndekning sjølvkost er sett ved å ta omsyn til bruk av fond. Dette er eit snitt-tal for alle sjølvkostområde, der vatn og kloakk utgjer storparten.

2.9 Budsjettføresetnader

Budsjettet for 2024 bygger på fylgjande føresetnader:

- Rentenivå på innlån blir på nivå NKB (Kommunalbanken) signaliserer – 5,35%
- Lønsvekst lokalt blir i samsvar med anslag i statsbudsjettet – 4,9% (inkl. overheng på 1,8%)
- Prisvekst lokalt blir i samsvar med anslag i statsbudsjettet – 3,4%
- Flyktningar busett i kommunen som kommunen får integreringstilskot for er på minst 65 personar
- Konesjonskraftinntekter blir minst det nivå som konsesjonskraftstyret har lagt til grunn – 14,3 mill.
- Aktivitet, behov for tenester blir vidareført på same nivå/omfang som i 2023 på alle rammeområde, utanom der det er korrigerert for endring i budsjettforslag.
- Bruken av overtid/innleige av vikar i eining for velferd blir redusert til eit «normalnivå».

2.10 Noter

2.10.1 Budsjett for kraft- og næringsfond

Budsjett - kraftfondet 2024	
TEKST	
	B2024
<u>Avsett til kraftfondet i årsbudsjett 2024</u>	
Regulerings- og konsesjonsavgifter	-1 619 000
Renter av fondskapitalen	-700 000
Avdragsinntekter - utlån av kraftfondet	
Sum avsetnader til kraftfondet 2024	-2 319 000
<u>Bruk av kraftfondet i årsbudsjett 2024</u>	
<i>Avkastninga 2023 - disponibel i 24 (90%)</i>	2 042 000
<i>Udisponerte midlar frå tidlegare år (100% kraftfond)</i>	
<u>Næringsstiltak:</u>	
Avsett til næringsfondet, avkastninga 2023 (40%)	908 000
<u>Fellestiltak drift:</u>	
Ansvar 1400 - Næringsadministrasjon	850 000
Ansvar 4620 - Tilskot til private vegar og drift av Fjoneferja	284 000
Sum bruk av kraftfondet i 2024	2 042 000
AVKASTNINGA 2024, DISPONIBEL I 2025	
Avsetnad av årets avkastning	2 319 000
<u>Fordeler seg slik :</u>	
Avsetnad til bunden kapital 10%	231 900
Disponibelt, avsetnad til næringsfond 40%	927 600
Disponibelt, kraftfondsmidlar 50%	1 159 500

Budsjett - næringsfondet 2024

TEKST		B2024
Avsett til næringsfondet :		
Renter næringsfond		-15 000
Unytta 2023		-27 000
Avkastning frå Kraftfondet (40% av avkastninga 2023)		-908 000
Sum avsetnader til (disponibelt) næringsfondet		-950 000
Bruk av næringsfondet :		
Ansvar 1410 - Tilskot til Telemarksvegen		30 000
Ansvar 1410 - Medlemskap i Friluftsrådet Sør		16 000
Ansvar 1411 - Reiseliv/turisme		530 000
Ansvar 1412 - Sysselsetjingstiltak		43 000
Ansvar 4432 - Pelsdyrområde		10 000
Sum bruk av næringsfondet i driftsrekneskapet		629 000
Politiske vedtak (14703.1410) :	Ramme:	296 000
Administrative vedtak	Ramme:	25 000
Sum nytta:		950 000

2.10.2 Budsjetterte dekningsgrader

Dekningsgrader – andre sjølvkostområde	R2020	B2021	R2022	B2023	B2024
Vatn	77,6%	78,4%	78,3%	82,9%	102,4%
Kloakk	72,5%	76,8%	84%	96%	105,2%
Feiing	78,7%	121,1%	133,9%	100%	100%
Byggesak	123,8%	108%	126,3%	106%	91,38%
Oppmåling	79,7%	77%	104,8%	89,2%	68,51%
Renovasjon	101,6%	100%	100%	100,5%	100%
Slam			98,5%	100%	100%

2.10.3 Utvikling disposisjonsfond «felles buffer»

Tal i 1000	31.12.23	31.12.24	31.12.25	31.12.26	31.12.27
Saldo:	Kr 18.524.	Kr 17.794.	Kr 17.794.	Kr 18.712.	Kr 19.002.

2.10.4 Beregning av minste tillatte avdrag

KRD sin forenkla formel for beregning av minste tillatte avdrag:
sum langsiktig gjeld / sum anleggsmiddel * årets avskrivningar

Dette gir slik oppstilling:

Estimat langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktninger og formidlingslån pr. 01.01.24):	307.648.494
Estimat anleggsmiddel (eks. pensjonsfond +ikkje avskrivbare anl.middel) pr. 01.01.24:	487.990.208
Sum anleggsmiddel reduserast med ikkje-avskrivbare anleggsmiddel	16.579.880
Estimat avskrivningar i 2024:	17.127.693
Minste tillatte avdrag:	11.177.755
Budsjetterte avdrag i driftsbudsjett 2024:	12.264.000

3 Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)

Nissedal – der gode liv levast

Nissedal kommune sin visjon «*Nissedal – der gode liv levast*», er ny i kommuneplanen. Visjonen understrekar at Nissedal er ein god stad å leve, og slik skal det fortsetje å vere.

Kva som er eit godt liv kan opplevast ulikt, både mellom enkeltindivid, ulike kulturar, aldersgrupper osv. I arbeidet med denne planen har me m.a. lagt til grunn at:

- Me må trivast
- Me må kjenne oss inkludert
- Me må få hjelp når me treng det
- Me må ha valfridom
- Me må ha økonomisk tryggleik
- Me må vere til nytte

I høve til tidlegare planar har denne planen eit større fokus på samfunns- og innbyggjarsperspektivet, enn på den kommunale tenesteytinga. Det er lagt til grunn at det er i fagplanar og økonomi- og handlingsplan at konkrete mål og tiltak vert vedteke.

Folketal

Å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen har stor innverknad på at alle også i framtida kan leve det gode liv i Nissedal. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, og det vil heller ikkje vere mogleg å vidareføre dei gode kommunale tenestene slik dei er i dag.

Visjonen og positiv folketalsutvikling heng sterkt saman. Så lenge det opplevast at det gode liv levast i Nissedal, vil kommunen også vere attraktiv for busetjing. I tillegg vil skaping av næringsattraktivitet og arbeidsplassar kunne gje positiv effekt på folketalsutviklinga.

Folkehelse

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, meistrar eige liv, treng mindre helsehjelp og bidreg i lokalsamfunnet. Alt ein gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstand og trivsel, og difor skal kommunen leggje til rette for at folk kan gjere gode og helsefremjande val. Fokus i barnehage og skule på livsmeistring, inkludering og trivsel er viktige faktorar i utviklinga av god folkehelse. God folkehelse gir gode liv.

Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunane er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Dei er nærast befolkninga, lokale verksemdar og organisasjonar, og samstundes ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga.

Å vidareutvikle Nissedal som eit berekraftig velferdssamfunn der det blir skapt verdiar og arbeidsplassar inneber å balansere ønskje om større aktivitet med berekraftige rammer. Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader inneber samstundes meir utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde.

Åtferdsverdiar

Det er i relasjon med andre menneske livet levast. Korleis ein opplever menneska rundt seg har mykje å bety for «det gode liv».

Åtferdsverdiar vi ønskjer skal prege dei mellommenneskelege relasjonane i Nissedal:

Saman er vi rause, respektfulle, omtenksame, inkluderande, blide og stolte.

4 Hovudmål

4.1 - Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet

4.1.1 I Nissedal har me livskraftige og glade innbyggjarar som tek ansvar for eige liv

4.1.2 I Nissedal har me engasjerte innbyggjarar som deltek i frivillig arbeid til gode for fellesskapet

4.1.3 I Nissedal har innbyggjarane tilgang til arbeid og økonomisk tryggleik

4.1.4 I Nissedal verdsett me initiativ og nytenkning og grip sjansene som byr seg

4.1.5 I Nissedal legg me til rette for at det er mogleg å busetje seg der ein ønskjer

4.1.6 I Nissedal får innbyggjarane gode kommunale tenester etter behov

4.1.7 I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen

4.1.8 I Nissedal er det innbyggjarane som skapar framtida

4.2 - Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd

4.2.1 I Nissedal utviklast eksisterande og nytt næringsliv i tett samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv

4.2.2 I Nissedal er reiselivsbasert næringsutvikling eit hovudsatsingsområde

4.2.3 I Nissedal er det ein arealpolitikk og ein infrastruktur som stimulerer til nyskaping og etablering av ny næringsverksemd

4.2.4 I Nissedal er naturen grunnlaget for berekraftige verksemd

4.2.5 I Nissedal utnyttast potensialet for ei kulturbasert næringsutvikling

4.2.6 I Nissedal etablerast det nye kompetansearbeidsplassar

4.3 - Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor

4.3.1 I Nissedal skal det vere like naturleg å ta omsyn til berekraftperspektivet som kost/nytte-perspektivet, både i dagleg tenesteproduksjon og i

4.3.2 I Nissedal stillast vasskrafta til disposisjon for ein klimatilpassa produksjon av fornybar energi til fellesskapet

4.3.3 I Nissedal formidlast kunnskap og haldningar som fremjar eit berekraftig samfunn

4.3.4 I Nissedal utviklast ei berekraftig hytteutbygging

4.3.5 I Nissedal skal innbyggjarane få vass-, avløp- og renovasjonstenester av svært høg kvalitet

4.3.6 I Nissedal blir landbruket med jord-, skog- og utmarksressursane drive

5 – Handlingsdelen

5.1 Sentral leiing

Sentral leiing utgår frå kommunen si rådmannsgruppe med kommundirektøren sjølv og to kommunalsjefar. Kommunedirektøren si leiargruppe er Leiarforum der einingsleiarane og plansjefen jamleg møter rådmannsgruppa.

Politiske saker vert utgreidd av sakshandsamar, som ofte er ein av einingsleiarane eller plansjefen, men tilrådinga er kommundirektøren si. Dette systemet er basert på det me kallar for fullført sakshandsaming, som i praksis betyr at sakshandsamar skriv saka med konklusjon og tilråding. Sentral leiing er rettleiarar i saksprosessane.

Kommunedirektøren har eit overordna personalansvar i kommunen. Kommunedirektøren har møter i arbeidsmiljøutvalet og kontaktmøter med hovudtillitsvalte.

Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomført saman med fagsamanslutningane og rådmannsgruppa.

Sentral leiing har eit overordna ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Felles mål for heile organisasjonen

- Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.
- Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet
- Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.
- Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.
- Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.
- Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre

Felles tiltak for heile organisasjonen

- Kommunen sin økonomi er blitt avhengig av kraftinntekter på eit høgt nivå for å finansiere ordinær drift. Det går fram at økonomiplanen at det er ubalanse mellom forventta varige inntekter og kostnader. Det bør derfor allereie nå startast eit arbeid for å førebu å gje eit grunnlag for å tilpasse driftsbudsjettet frå 2025/2026 til nivå som samsvarer med varige driftsinntekter.
- Særskilt fokus på sjukefråværsoppfølging
- Følge opp medarbeiderundersøking
- Vidareutvikle bruken av internkontrollsystemet Compilo i heile organisasjonen
- Slutt arbeidet med å lukke avvik frå Statsforvaltaren på beredskapsområdet
- Gjere kjent ROS-analyse og ny beredskapsplan i alle einingar med tanke på uønska hendingar som kan inntreffe.
- Opplæring av tilsette som vil få ei rolle/oppgåve under uønska hendingar.
- Ha særleg fokus på kriseleiinga sine oppgåver gjennom øving og evaluering. Sikre at alle har opplæring i nødnett og i det nye krisestøtteverktøyet RAYVN.
- Legge til rette for Sivilforsvaret sitt behov for lager til sitt utstyr.
- Implementere tilstrekkelege rutinar for GDPR i Nissedal kommune.
- I samband med byte at plattform for IT-drift vil kommunen arbeide med IKT-plan for alle einingar.
- Kommunedirektøren sett i gang arbeid med å få oversikt på kommunen sine bemanningsbehov i heile kommunen. Det vert så sett i verk tiltak som sikrar tilstrekkelig bemanning av fagfolk i heile kommunen, både ved rekrutteringstiltak og tiltak som sikrar at arbeidstakarar ønskjer å bli i sine stillingar.

5.2 Fellestenesta

Fellestenesta har 7,6 årsverk fordelt på 8 personar. Fellestenesta er leia av kommunalsjef økonomi. Av tenester som ligg til fellestenesta kan nemnas, resepsjon/sentralbord, rekneskap, løn, fakturering, arkiv/post, personal, møtepapir, heimeside. Nettoramme for dei ansvarsområda som utgjer fellestenesta er 3,5 mill. (Tenestene, viktigaste førande lovverk/nasjonale føringar, årsverk, kostnadsramme, inntekter og netto ramme).

Mål for tenestene

- Halde eit forsvarleg og godt fagleg nivå på dei administrative tenestene som ligg til fellestenesta
- Yte god støtte til leiarar og andre tilsette i einingane som jobbar med administrative/merkantile oppgåver.
- Oppnå i størst mogleg grad at nøkkelkompetanse er fordelt på meir enn ein person, for å redusere sårbarhet ved fråvær.
- Oppnå effektivisering ved å automatisere/digitalisere/forenkle utan at kvaliteten på arbeidet blir redusert.

Tiltak

- Vurdere intern arbeidsfordeling på felles og avklare ansvar/arbeidsfordeling med Kviteseid i høve til samarbeidsområde løn/rekneskap.
- Rullere økonomireglement og finansreglement.
- Rullere arkivplan
- Innføring av ERP-kommune (oppdatert versjon av kommunen sitt øk.system med utvida funksjonalitet).

5.2.1 Berekning av ramme felles:

Felles - endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	12 751 000
Korrigeringar:	
Løns- og prisvekst	1 280 000
Avsett pott straumstøtte trekt inn	-1 500 000
Straumstøtte fellesråd trekt inn	-50 000
Løyving iPad nytt kommunestyre trekt inn	-40 000
Tilskot bil frivilligsentral trekt inn	-100 000
Ikkje val i 2024	-120 000
Auke utgifter NAV	236 000
Redusert utgift barnevern	-480 000
Auke tilskot frivilligsentral 40/60 fordeling	59 000
Redusert inntekt konsesjonskraft	8 700 000
Tilskot kulturminneplan (utg. i 2023)	-100 000
Avsett sum reguleringsplanar trekt inn	-50 000
Meir avsetning kraft/næringsfond	474 000
Oppgåvekorrigert ramme 2023:	21 060 000
Tiltak:	
Frikjøp hovudvernombud 10%	68 000
Ramme 2024:	21 128 000

5.3 Andre interkommunale samarbeid

Nissedal kommune har skilt ut delar av kommunen si verksemd i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Fleire av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til styring av desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna omhandlar forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sitt verkty for å møte desse utfordringane.

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde ein oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i og eigarstrategi for det einskilde selskap.

Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen må trekkje opp ei ytre ramme av prinsipp og reglar, og innafor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelerom.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil koma fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutval utøver som del av selskapskontrollen i kommunen. Heimel for selskapskontroll finn me i kommunelova §77, jf. i tillegg §80 om innsynsrett i selskap. Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggjast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

Eigarstyringsprinsipp i Nissedal kommune

1. Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einsskild selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
2. Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
3. Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk.
4. Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.
5. Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
6. Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiande.
7. Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korrupsjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar, høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
8. Nissedal kommune sine etiske retningsliner skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningsliner.
9. Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
10. Nissedal kommune sine styrerepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.

Nissedal kommune har eigarinteresse i desse selskapa og samarbeida:

Renovasjon – IATA
Vest-Telemark brannsamorbeid
Vest-Telemark pedagogiske – psykologiske teneste IKS
Vest-Telemarkrådet
Vest-Telemark Barnevernsamarbeid
Nav Vest-Telemark
Telemark innkjøpssamarbeid TIS
Interkommunalt landbrukskontor

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Mål for Landbrukskontoret

- Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Landbruket skal vere ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Tiltak

- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark
- Ha merksemd på oppfølging av bu- og driveplikta i kommunen.

Viltforvaltning

Kommunen har eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

5.4 Eining for oppvekst og kultur

5.4.1 Heile eininga

Eining for oppvekst og kultur består av barnehage, grunnskule, SFO, vaksenopplæring, flyktningtenesta og kultur. Koordinering av folkehelsearbeid er lagt til eininga.

Budsjettramme heile eininga: kr 62 400 000. Årsverk heile eininga: Omlag 76, inkludert prosjektstilling bibliotek og Ungdomslos

Leinga har ein sentral administrasjon med einingsleiar og pedagogisk konsulent i 100% stilling kvar. Logopedstillinga i kommunen på 27% og spesialpedagog for barnehagane i 100% ligg også her. Budsjettramme administrasjon: kr. 5 065 000

Felles lowerk:

- FN sin barnekonvensjon
- Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og fritidsordninger

Felles planar for eininga:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Overordna oppvekstplan for Vest-Telemark

Felles mål for heile eininga

- Gode tilbud for barn og unge i Nissedal kommune, dag og kveld. (4.1.6)
- Arbeide aktivt for å avdekke barn og unge som lever under urovekkjande forhold. (4.1.7)
- Fokus på livsmeistring og trivsel (4.1.1)
- Fokus på trivsel i ungdomsåra, og at det er attraktivt å flytte heim att (4.1.1)
- Fokus på folkehelse (4.1.1)
- Samskaping (4.1.4)
- Mangfald og likestilling (4.1.7, 4.1.8)

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Markere verdsgdagen for psykisk helse i samarbeid med psykisk helse og andre aktuelle tenester i kommunen og fylkeskommunen.
- Arbeide for å få folkehelse inn i alle ledd i den kommunale forvaltinga
- Arbeide med foreldre og barn/elevar om nettvett og nettopplysing
- Arbeide med språkbruket blant barn og unge som stadig blir tøffare og i yngre alder.
- Løfte leiarane våre som gode, trygge leiarar. Utvikling av leiingskompetanse.
- Gode arbeidsmiljø! Kvar avdeling har minimum eit trivselstiltak for dei tilsette årleg.
- Medvitne om CRPD "Convention on the Rights of Persons with Disabilities"/FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne, for å utelukke diskriminering.

Felles tiltak for heile eininga i budsjettåret 2024

- Inkluderande oppvekstmiljø på tvers av einingar og avdelingar, til det beste for våre barn og ungdom. Regnbogeflagget vaier i heile juni månad for å markere Nissedal kommune som eit inkluderande samfunn.
- Invitere til dialogmøte med kommunestyret på kva ein legg i inkludering og kvifor det er viktig for oss å heise regnbogeflagg og markere dette 1. juni. Felles for alle einingane.
- Oppfølging av medarbeidartilfredshetundersøkinga; 10-faktor
- Utvikle gode barnets beste vurderingar i alle saker, jf. Barnekonvensjonen art. 3
- Utvikle gode rutiner på barns rett til å bli høyrd, jf. Barnekonvensjonen art. 12
- Delta i prosjekt «Rusfri, Robust og Rettferdig» (Skule og kultur)
- Lage lokal oppvekstplan for Nissedal kommune i samarbeid med KS/KS konsulent
- Arbeide med system for internkontroll
- Arrangere folkehelsesamling våren 2024, med fokus på arbeidsglede
- Arrangere storforeldremøte med Geir Aker «Fenriken» jan 2024. Tema: Robuste foreldre skaper robuste barn. Tør å vere tydeleg!
- Utarbeide folkehelseplan
- Oppstart av Kompetanseløftet i regi av Udir, i samarbeid med læringsmiljøseneteret (UiS)
- Samarbeid med eining for Velferd:
 - Felles leiarmøte med fokus på leiarutvikling og beredskap
 - Samarbeide om barnekoordinator
 - Samarbeide om SLT-koordinator
- Einingsleiar og rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule gjennomfører kurs i nevrosekvensuell metode (NMRS) med fokus på refleksjon og rettleiing. Ein nyttar eksisterande leiargrupper som fokusgrupper for rettleiing. Ei djupare forståing av fysiologien bak uregulerte barn (og vaksne) er målet.
- Legge fram sak i høve til endring av struktur i skule/barnehage frå 1. august 2025.

Endringar i planperioden

5.4.2 Grunnskule og SFO

Nissedal kommune har to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebygda er ein tredelt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Tveit skule og Nissedal ungdomsskule har felles administrasjon og rektor. Ved begge skulane er det ein SFO, samt 2 SFO-avdelingar i samband med Felle barnehage og Fjone barnehage. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid. Kvar vår blir det lagt fram tilstandsrapport for føregåande skuleår for kommunestyret. Denne blir deretter sendt til Statsforvaltaren.

Prognose elevtal planperiode

Basert på tal frå skuleadministrativt system og helsestasjon 08.09.23

Skule	2023-2024	2024-2025	2025-2026	2026-2027	2027-2028
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule 1.-7. klasse	23	21	21	17	13
Tveit skule, småskulen 1.-4. klasse	56	54	48	45	42
Tveit skule, mellomsteget 5.-7. klasse	43	43	44	45	41
Nissedal ungdomsskule 8.-10. klasse	64	60	54	55	56
Elevtal totalt i kommunen	186	178	167	162	152

Det er totalt omlag 41 årsverk i skule og SFO.

Skule og SFO har ei budsjetttramme på 31 853 000 kr

Ein anslår foreldrebetaling i SFO i 2023 til omlag 250 000 kr.

Looverk:

- Opplæringslova med forskrifter
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 «Fagfornyinga» (LK20)
- Rammeplan for SFO

Planar:

- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Plan for skule-heimsamarbeid
- Leseplan
- Plan for Vurdering som læring
- Forskrift til ordensreglement
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Modellkommuneplanen
- Trafikksikker skule

Prosjekt

- MOT
- Aktiv365
- «Liv og røre»
- «Rusfritt, robust og rettferdig»
- «Sterk og klar»
- «Dysleksivennleg skule»
- «Ungt Entreprenørskap»
- «Ungdomslosen»
- «Dekomp»
- Samarbeid med politiet
- «Lytteven»
- Skulebibliotekprosjekt

Mål for tenestene

- Nissedalsskulen skal ha eit godt læringsmiljø og vere ein stad der barn og unge trivst (4.1.1, 4.1.7)
- Nissedalsskulen har folkehelse og livsmeistring i fokus (4.1.1)
- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er ein del av det ordinære opplæringstilbodet (4.1.6)
- Tidleg innsats, både fagleg og sosialt, blir prioritert (4.1.1)
- Opplæringa i Nissedal kommune skal vere av høg kvalitet, utviklingsorientert og i tråd med nasjonale føringar og lokale forventningar (4.1.6)
- Vi er gode samarbeidspartnarar med foreldre og tenester som PPT, barnevern og skulehelsetenesta (4.1.8)
- Vi arbeidar stadig for å sikre god brukarmedverknad (4.1.8)

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Arbeide aktivt for enda større grad av elevmedverknad i skulekvardagen for å førebu ny opplæringslov.
- Starte eit tettare samarbeid med fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane om å auke elevane sine føresetnadar for å lukkast i vidaregåande skule.
- Sette miljø og klima på dagsordenen: (Bli sertifisert som «Miljøfyrtårn» innan 2026)
- Ha kontinuerleg fokus på eit godt foreldresamarbeid, gjennom "Plan for heim-skulesamarbeid"
- Nytte det kommunale Barne- og ungdomsteamet godt til å drøfte utfordrande saker og problemstillingar, samt strategisk tenking i forebyggingsarbeid
- Arbeide kontinuerleg for at Dekomp tek utgangspunkt i lokale behov og evaluere deltaking
- Arbeide for eit engasjert og aktivt ungdomsråd
- Delta i ulike regionale samarbeid i Vest-Telemark, t.d. rettleiingsnettverk, kompetanseløftet og dekomp.

Tiltak i budsjettåret 2024

- Vere ein aktiv deltakar i arbeidet med å planlegge og gjennomføre renovering og utbetring av skulebygga ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule.
- Kartlegge korleis trafikktryggleiken kring småskulen og vegen opp til ungdomsskule/fleirbrukshuset kan betrast, og utgreie kostnadane av dette.
- Førebu mellombelse løysingar i byggeperiode for storskulen.
- Implementere lokal oppvekstplan når den ligg føre
- Ta i bruk ny opplæringslov frå hausten 2024.
- Evaluere «ungdomslosen» som tiltak for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule og vurdere kommunal vidareføring
- Utgreie høve til å ta i mot flyktingar ved Kyrkjebygda oppvekstsenter i samarbeid med integreringstenesta
- Aktiv arbeide for at Fylket tek ein større del av skysskostnadane
- Kartlegge og eventuelt utbetre manglar og feil ved fastmontert utstyr i gymsalen ved Kyrkjebygda oppvekstsenter
- Forsterke samarbeidet med biblioteket (gjennom prosjektet «skulebibliotek») i arbeidet kring elevane si leseopplæring og leseferdigheit
- Prosjektere og utbetre delar av uteområdet ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

5.4.3 Barnehage

Nissedal kommune har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Kyrkjebygda, Felle og Fjone. Kvar barnehage er leia av ein styrar. Felle og Fjone barnehage har ein felles styrar. Einingsleiar for oppvekst og kultur er barnehagefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles styrarsamlingar, samt gjennom nasjonale og regionale føringar og samarbeid. Pedagogisk konsulent har rolla som barnehagemynde, med ansvar for tilsyn av barnehagane.

Prognose barnetal og kapasitet

For barnehage kan vi berre lage prognose eit år fram i tid, av den naturlege årsaka at barna ikkje er fødde enda. Basert på tal frå helsestasjonen 08.09.23 har vi denne prognosa for barnetal i dei ulike barnehagane:

2023-2024

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av disse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	33	12	45
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	10	4	14
Fjone barnehage	20	15	5	20
Felle barnehage	20	4	1	5
Totalt tal på barn i barnehagealder		62		

2024-2025

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av disse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	24	8	32
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	10	4	14
Fjone barnehage	20	15	5	20
Felle barnehage	20	8	5	13
Totalt tal på barn i barnehagealder		57		

**Alle barnehagane i kommunen har god arealmessig kapasitet. Dersom ein kjem over barnetal på bemanningsnorm, vil ein ofte justere dette internt i kommunen. Likevel er det viktig å kjenne til at eit barn utover norm vil utløyse ei heil pedagogstilling. Barn under 3 år tel to barnehageplassar*

Det er totalt om lag 24 årsverk i barnehagane. Total budsjettramme er på 14 781 000.

Foreldrebetaling er anslått til omlag 1,2 millionar kroner i inntekt i 2023.

Lovverk:

- Barnehagelova med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver

Planar:

- Barnehagevise årsplanar
- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Kompetanseplan for barnehagane i Nissedal kommune i 2020-2023
- Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

Mål for tenestene

- Eit godt og inkluderande barnehagemiljø (4.1.7)
- Sikre full barnehagedekning (4.1.6)
- Kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette for å sikre god kvalitet på det pedagogiske innhaldet i barnehagane (4.1.6)
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak gjennom tidleg innsats (4.1.6)

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Vårt pedagogiske grunnsyn er «Det viktigaste er å få leike».
- Aktive brukarar av ulike reguleringsverktøy og –aktiviteter.
- Implementere Liv og Røre i kvardagen
- Vi syter for gode overgangar mellom barnehage og skule gjennom bruk av «Plan for overgangar – frå eldst til yngst»
- Delta i ulike regionale samarbeid i Vest-Telemark, t.d. rettleiingsnettverk, kompetanseløftet og rekomp.

Tiltak i budsjettåret 2024

- Revidere IKT satsingsplan for barnehagane
- Arbeide med å lukke avvik etter tilsyn med statsforvaltaren for barnehagemynde
- COSP-tilbod til alle 2-åringane i kommunen, og elles ved behov
- Oppfrisking i Circle of security blant dei tilsette

5.4.4 Kultur

Kultur har eit vidt tenestespekter, sjølv om dei ulike tenestane er små. Tenestane er musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturarrangement og –administrasjon, fritidsklubben, kino og offentleg symjing. Kultursjefen er leiar av desse tenestane, samt flyktningtenesta som er beskrive i eige avsnitt.

Det er totalt i underkant av 4 årsverk i kultur. Total budsjettramme er på 3 622 000 kr.

Ein stipulerer inntekter i 2023 til 130 000 kr.

Lovverk:

- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova

Planar:

- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Plan for den kulturelle skulesekken lokalt, i Nissedal kommune
- Skulebibliotekplan for Nissedal
- Plan for idrett og friluftsliv i Nissedal kommune

Mål for tenestene

- Kulturtenestene skal gje ei kjensle av meistring og skape eit inkluderande miljø, der målsettinga er at innbyggjarane har ein felles forståing av at kommunen er ein god stad å leve (4.1.1, 4.1.2, 4.1.7)
- Ha eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen (4.1.2, 4.1.8)
- Ha fokus på at tenestene vi gjer skal ha grunnfeste i folkehelsearbeid, som går på fysisk aktivitet, god psykisk helse og eit inkluderande miljø for alle (4.1.1)

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Kulturskulen har fokus på den enkelte elev, og skal ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner. Kulturskulen skal vere ein inkluderande arena med undervisning tilpassa den enkelte elev. Det skal gjennomførast 2-3 konsertar pr år.
- Ungdomsklubben skal ha fokus på eit inkluderande rusfritt miljø, der alle kan finne sin plass, og ha meistring på å vere i ein sosial setting gjennom ulike typar aktivitet. Ungdomsklubben samarbeider tett med skule og helse, og deltek aktivt som ein samarbeidande part i arrangement og tiltak i prosjekt Ung i Nissedal.
- Biblioteket skal vere ein arena for inkludering for alle og formidling av litteratur i alle former. Det skal vere fokus på alle aldersgruppe, men særskilt på born, ungdom og eldre.
- Biblioteket skal vere ein arena for samskaping, og ein arena for aktivitet.

Tiltak i budsjettåret 2024

- I 2024 skal ein særleg samarbeide med Ung i Nissedal, og bruke biblioteket aktivt som ein møteplass for ungdom.
- Biblioteket har satsing på skulebibliotek gjennom søkte midlar frå Udir. Skulebiblioteket vil vere styrka med 30% stilling i ekstern finansiering med fokus på tiltak som gjev leseglede til alle elevar, og i alle fag.
- 1. juni skal markerast på alle skular og i barnehagar med DKS – arrangement for å markere og sette fokus på homofiles rettar gjennom ulike framsyningar. Dagen skal og markere toleranse, ytringsfridom, aksept og inkludering av alle menneske. Kultursjefen har det overordna ansvaret for markering og heising av regnbogeflagg på flaggstenger på skulane, barnehagar og på kommunehuset.
- Ferdigstille Plan for idrett og friluftsliv i 2024.
- I 2024 er det tid for å arrangere kulturkveld, der kulturpris vert delt ut. Arrangementet er kommunalt, men spelar på, og samarbeider med ulike aktørar og frivillige.

5.4.5 Vaksenopplæring og flyktingteneste

Pedagogisk konsulent i eininga har det overordna ansvaret for vaksenopplæring og flyktingtenesta. Det er 2 årsverk flyktingkoordinator og totalt 2,235 årsverk lærarar tilsett i vaksenopplæringa.

Budsjettramma er per okt 2023 rett i underkant av 2,5 millionar, men er eit budsjett i stadig endring ved nye busettingar.

Vaksenopplæring:

Vaksenopplæringa er i Treungen og leiger lokale i 2. etasje på Prixbygget. Vaksenopplæringa gir gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje integreringslova har rett eller plikt til det. Dette gjeld stort sett flyktingar.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet til dette.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolenes område*. Undervisninga foregår på Mila.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til vaksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

Vaksenopplæring koordinere kjøp av plasser hos nabokommuner til grunnskuleopplæring for vaksne flyktingar, og elles anna samarbeid med kommunar kring liknande tilbod.

Det er budsjettert med utgifter på omlag 1,2 millionar for å drifte vaksenopplæringa i 2023.

Vi reknar med å få 1,5 million i norsktilskott, så totalt sett kjem vaksenopplæringa i 2023 ut i pluss.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter

Fokusområde i planperioden 2024-2027

- Tett samarbeid med flyktingtenesta i utarbeiding av mål for den einsskilde
- Samarbeid med PPT, Mila og Kåsa bu og avlastning kring elevar med vedtak etter Opplæringslova § 4A 1 og 2

Tiltak i budsjettåret 2024

- Utarbeide integreringsplan for deltakarar etter Integreringslova
- Elevar som ikkje har rett på gratis opplæring , kan få tilbod om undervisning mot betaling dersom det er kapasitet og økonomisk forsvarleg i forhold til elevtalet
- Arbeider aktivt for å bli prøvekommune
- Kople deltakarar opp mot Nissedal studiesenter

Flyktingteneste:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen, samt god dialog med lokalsamfunnet. Flyktingane sine styrkar og ressursar skal leggast vekt på. I opparbeiding av flyktingtenesta tek vi med oss konklusjonane som blei gjort i evalueringsarbeidet etter førre busettingspriode.

Lovverk:

- Utlendingslova
- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid

Tiltak i budsjettåret 2024:

- Tett samarbeid med vaksenopplæringa i utarbeiding av mål for den einsskilde
- Jobbe målretta mot arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram for dei vaksne
- Som busettingskommune har vi god dialog med IMDi
- Eininga arbeidar saman for god integrering av barn og unge
- Jobbe for integrering gjennom arbeid og fritidsaktivitet i lokalmiljøet
- Revidere flyktingplanen (2023)

5.4.6 Berekning av ramme for oppvekst og kultur

Oppvekst og kultur - endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	55 164 000
Korrigeringar:	
Løns- og prisvekst	4 027 000
Spesialpedagogiske tiltak (nettotal nye/avslutta tiltak)	787 000
Halvert foreldrebetalingbhg. 1/8-24	306 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	60 284 000
Tiltak:	
Utviding av flyktningapparatet/intro.program/VO	2 922 000
Kompensasjon helg/kveld tilsette kultur	114 000
Red. stillingar Treungen bhg. 200% ped.&ass. 1/8-24	-550 000
SFO stengt i feriar	-100 000
Barnehagane stengt i heile juli	-100 000
Skysreglement etter FK sine reglar frå 1/8-24	-175 000
Ramme 2024:	62 395 000

5.5 Eining for velferd

5.5.1 Heile eininga

Eining for velferd har ansvar for tenesteområda legetenestar, psykiske helsetenestar, helsestasjon, jordmor, fysioterapeut, institusjonstenestar, heimbaserte tenestar, tenestekontor og tenesta for funksjonshemma

Budsjettramme heile eininga: om lag 62.900.000

Årsverk heile eininga: om lag 78,5 fordelt på 125 tilsette og i tillegg kjem ein del vikarar samt prosjektstillingar.

Felles mål for heile eininga

- Ha fokus på leiarutvikling og struktur
- Arbeide for heiltidskultur og ha fokus på å redusere uønska deltid i eininga
- Få ei fellesskap-kjensle i eininga som mogleggjer meir samarbeid på tvers av avdelingane og som skapar samhald og kjennskap.
- Følge med på anbefalingar om tenesteutvikling og utvikle tenestane i tråd med det andre kommunar gjer og samfunnet elles. (4.1.4)
- Omsette motteke tilskotsmidlar til planar om utvikling og kursending for tenestane.
- Få til ein kultur for kvalitetsforbetring i heile eininga
- Eininga skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Eininga gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.(4.1.6)
- Eininga utviklar forsvarlege heimbaserte tenestar, slik at pasientar som treng omsorgstenestar i hovudsak får tilbod om det i eigen heim. (4.1.7)
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.(4.1.1)
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem. (4.1.8.)
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.(4.3.4), (4.1.6)

Fokusområder for eininga i planperioden 2024-2027

- Vidareutvikle demenstilbodet i Nissedal kommune
- Innføre mestringstankegangen som eit verktøy, både i kartlegging og tjenesteytinga
- Ha fokus på tverrfaglighet for å utvikle tenestane
- Utreie kolreis ein ta eigerskap til den nye reformen « Bu trygt heime» ut frå dei 4 innsatsområda
- Målretta HMS arbeid med fokus på sjukefråvær
- Kompetanseplan
- Løfte leiarane våre som gode, trygge leiarar. Utvikling av leiingskompetanse
- Arrangere og markere verdensdagen for psykisk helse saman med andre einingar og samarbeidspartnare
- Samarbeid med eining for oppvekst og kultur:
 - Felles leiarmøte med fokus på leiarutvikling og beredskap
 - Samarbeide om barnekoordinator
 - Samarbeide om SLT-koordinator
- Sikre brukar – og pårørande medvirkning
- Vere ein attraktiv arbeidsplass som klarer å behalde og rekruttere dei rette ressursane
- Utvikle gode fagmiljø gjennom kompetansehevande tiltak, slik at me gjer tenestar av god kvalitet

Felles tiltak for heile eininga i budsjettåret 2024

- Implementere Gode pasientforløp for å sikre helhetlige , planlagte og koordinerte tenesteforløp
- Lage ein demensplan for Nissedal kommune 2024-2028
- Tilby pårørandeskule
- Videreutvikle dagtilbod til heimebuande personar med ein demens sjukdom
- Vidareutvikle samarbeidet mellom demenskontakt og legekantoret
- Utarbeide retningslinjer for legemiddelhandtering
- Fortsatt fokus på å etablere møtestrukturar og møteplassar som sikrar meir samarbeid på tvers
- Bli med på utviklingsarbeid saman med andre kommunar for tenesteutvikling t.d. slik det nå vert gjort ifht velferdsteknologi i Vest – Telemark og tenestekontora ifht felles tildelingskriteriar.
- Søke på tilskotmidlar hos fylkesmannen og frå helsedirektoratet, som er nyttig for kompetanseheving og tenesteutvikling.
- Fortsette med utvikling av Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem.
- Ta i bruk fleire velferdsteknologiske løysingar i heile eininga
- SLT-kontakten arbeider førebyggjande både lokalt og regionalt
- Omsorgsplanen rullerast innan 1. tertial 2024. Planen skal m.a. ta opp fylgjande moment:
 - Kreftkoordinator
 - Forløpskoordinator
 - Velferdsteknologikoordinator
 - Ergoterapeut
 - Palliativ behandling

5.5.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester

Nissedal Omsorgssenter (NOS) er kommunens tilbud til innbyggerane når det gjeld institusjonstenester.

NOS har 12 langtids plassar. Somatisk avdeling har 6 plassar . Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter eigne kriterier. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, aktivitet og det gode liv. Kjøkkenet høyrer au til under NOS

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i avdelinga:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettigheits lova
Helsepersonellova
Norm for informasjonssikkerhet
Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg
Sjukeheimsforskrifta
Demensplan 2015
Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Institusjonstenesta har 19,6 årsverk og ei kostnadsramme på 18 mill. Største inntekter kjem frå pasientbetaling ved langtidsopphald, medan sal av middag til heimebuande og matsal frå kafeen og genererer noko inntekter

Mål for tenestene

- Utvikle Kafe NOStalgi i saman med samfunnskontakten, slik at ein finn beste måten å drifte denne på.
- Sørge for at dei tilsette har optimale arbeidsforhold og større moglegheit for å kunne ivareta smittevern ved NOS
- Sikre forsvarlege tenestar for pasientane og gode, trygge arbeidsforhold for tilsette
- Utvikle institusjonstenestane i tråd med utviklinga i samfunnet og i nært samarbeid med heimebaserte tenester.
- Ha store stillingstørrelsar som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Samarbeide med andre einingar, frivillige, lag og foreningar, slik at ein skapar meir aktivitet på NOS

Tiltak i budsjettåret 2024

- Vere ein aktiv deltagar i ombygginga og finne gode mellombels løysingar i byggeperioden, både for bebuarane og for drift av kjøkkenet
- Evaluere og forbetre årsturnus, slik at ein syt for kvalitet og kontinuitet i tenesten
- Arbeide systematisk med sjukefråværet med kartlegging, oppfølging og tiltak.
- Følgje opp og lukke avvik frå Arbeidstilsynet innan HMS
- Fokus på utvikling Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem, tilpassa avdelinga
- Utarbeide en fagplan tilpassa kompetansebehovet i institusjon
- Fortsette med samfunnskontakt i 20% stilling i 2024

5.5.3 Heimebaserte omsorgstenester

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp, samt kortidsavdelinga på NOS etter omorganiseringa. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfølging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst.

Det er og aukande behov for tenester og blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenesta:

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetsolva

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018))

Heimetenesta har 18 årsverk og ei kostnadsramme på 12 mill. Korttidsopphald og praktisk bistand/heimehjelp genererer noko inntekter, medan avlastning er gratis.

Mål for tenestane:

- Flest mogleg av personar som treng omsorgstenester skal få hjelpa dei treng i eigen heim (4.1.6)
- Velferdsteknologi skal bli ein integrert del av heimetenestane. (4.1.4)
- Ha store stillingstørrelsar som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Presise og gode korttidsopphald som sikrar at pasientane får den behandlinga og opptreninga som skal til for å kunne bu lengst mogleg i eigen bustad.

Tiltak i budsjettåret 2024:

- Vidareføring av ressurs på 40% til implementering av velferdsteknologi for å lukkast med å dreie tenestane til meir heimebasert
- Utgreie mogeligheter for innføring av annen teknologi, som roomate og digitale tilsyn. I tillegg bredde meir ut eksisterande teknologi
- Sette meir fokus på heilskapelege tenestar og utvikle heimebaserte tenestar
- Fullføre Practic studiet og opplæring i TID – modellen
- Implementere Gode Pasientforløp etter deltaking i læringsnettverk
- Lage fagplan ut frå kompetansebehov i avdelinga
- Greie ut behov for heimebaserte tenester på natt.
- Vidareutvikle korttidsavdelinga etter ny modell, der pasientane møter same personell på korttids-avdelinga som dei har når dei er heime
- Følgje opp og lukke avvik frå Arbeidstilsynet innan HMS

5.5.4 Helsetenester:

Helseavdelinga held til i Treungen sentrum, og er lokalisert i same bygg som kommuneadministrasjonen og teknisk avdeling. Helseavdelinga omfattar legekontoret, jordmor, fysioterapi, helsestasjon og psykisk helse og i tillegg Mila dagsenter.

Helseavdelinga har 11,5 årsverk og ei budsjetttramme på 10,2 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenestane:

Lov om helse- og omsorgstenester
Pasient- og brukarrettighetslova
Helsepersonellova,
Folkehelselova
Lov om smittevern

Mål for tenestane:

- Utvikle tenestane i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet og elles trendar i samfunnet.
- Vektlegge helsefremmande og førebyggjande tenester. Dette gjeld og skulehelseteneste og helsestasjonsteneste
- Ha svangerskaps- og barselomsorgstenester på eit nivå som imøtekjem brukane sine behov.
- Ha ei tilfredstillande akuttberedskap m.o.t. legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, naudmeldeteneste og psykososial beredskap og oppfølging.
- Stabile legetenester av god kvalitet i høve til diagnostisering og behandling.

Tiltak i budsjettåret 2024

- Utreie løysingar rundt videokommunikasjon og avstandsoppfølging for oppfølging av pasientar. Det er prosjekt i Telemark nå, som vi har signalisert at vi ønskjer å med på.
- Gjennomføre prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» og sjå på vidareutvikling av tenester i helseavdelinga i tråd med resultat frå dette prosjektet
- Utreie moglege aktivitetar for born/unge i sommarferien
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal "
- Utreie moglege løysingar for få dekkje kravet om at kommunen skal ha ein ergoterapeut tilgjengeleg i sine tenester. Jf. helse- og omsorgstenesteloven §3-2.
- Vidareutvikle lågterskel tilbodet «Huset» i psykisk helse
- Vidareføre foreldreveiledning alle 2- åringane
- Etablere og utvikle samarbeid om barns beste med fokus på tidleg innsats og forebygging i samband med interne og eksterne samarbeidspartnare

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med nedsatt funksjonsnivå. Det er eit godt etablert tilbod, kor brukarar på Kåsa nyttar tilbodet 4 gonger i veka I tillegg kjem der andre innbyggjarar utanfrå. Annan kvar fredag er det eget lavterskel tilbod og det er om lag 10 personar nyttar seg av tilbodet. Mila driftes av 1,1 årsverk og har ei budsjettramme på omkring 1 mill.

5.5.5 Habilitering og aktivisering

Habiliteringstenesta har 28,5 årsverk og ei budsjettramme på 18 mill.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan avdelinga:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Tenester for personar med nedsatt funksjonsnivå

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 8 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. 1 person har fast avlastning. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa har nedsatt funksjonsnivå og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Mål for tenestene:

- Yte sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering til dei som har medfødte eller fått varige problem/funksjonshemmingar og trenger bistand for å kunne nå mål om deltaking i kvardagsliv og samfunnsliv
- Styrke fag- og tenesteutvikling og kompetanseheving for å sikre gode helse og omsorgstenester til denne brukargruppa

Tiltak i budsjettåret 2024

- Byrje prosess med å bygge nye bustadar til denne brukargruppa
- Fullføre driftsgjennomgangen som vart påbyrja hausten 2023
- Fokus på brukar medverknad og pårørandesamarbeid
- Utarbeide ein fagplan innanfor ulike fagområder for å sikre fagleg forsvarlighet
- Fokus på leiing og myndiggjorte tilsette
- Lukke avvik etter farmasøytisk tilsyn
- Fortsatt tilby aktivitetstilbod på Mila slik at alle som treng det får eit godt og variert tilbod om aktivitet tilpassa deira funksjonsreduksjon.
- Undersøke om velferdsteknologi og kan være nyttig for denne gruppa
- Utarbeide ein eigen habiliteringsplan for Nissedal kommune

5.5.6 Berekning av ramme for velferd

Velferd - endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	54 651 000
Korrigeringar:	
Løns- og prisvekst	4 317 000
Tilskot ressurskrevjande brukarar redusert	2 202 000
Auke utgifter legevakt	197 000
Auke kostnader matvarer kjøkken NOS utover prisvekst	100 000
Reduksjon opphaldsbetaling NOS (netto 4% vekst grunnlag)	204 000
Auke utg. RPH (Rask psykisk helsehjelp)	100 000
Auke inntekter legekantor - auka aktivitet	-260 000
Nye behov brukarar/mangalar i turnus - Kåsa	700 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	62 211 000
Tiltak:	
Innføring av min. ans. for sjuke-/vernepleiarar	509 000
Kostnad mellombels løysing bemanning legekantor	480 000
Ny bemanningsplan kjøkken NOS-red. jobb helg ved nytt utst.	-193 000
40% stilling psykitrai - k-sak 2/23 (busetjing flyktningar)	300 000
Auke legeressrus med 30% (jf. Auke i inntekter)	340 000
Tenkt effekt av innf. årsturnus/stilling turn.koord./bemanning	-700 000
Ramme 2024:	62 947 000

5.6 Eining for teknisk drift

Kjerneoppgåver for Eining for teknisk drift :

- Drift og forvaltning av kommunale bygg og kommunens grunneigedommar
- Drift og forvaltning av kommunens utleiebustader
- Drift og forvaltning av kommunale vass og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Prosjektansvar for kommunens bygge- og anleggsprosjekter
- Forvaltning av kommunens bil- og maskinpark
- Beredskap og førebyggjande tiltak mot brann og ulykker
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar, ferjedrift og grøntområde
- Reinhold i kommunale bygg – med unntak av Nissedal Omsorgssenter

Eininga har 17,5 årsverk, fordelt på einingsleiar, 2 avdelingsleiarar, konsulent, 3 vaktmeistrar, 3 driftsoperatørar og 10 reinholdarar. I tillegg kjem 16 brannkonstablar i det frivillige brannvesenet.

Budsjettramme for teknisk eining er 17 97 000. I tillegg kjem brutto utgiftsramme på vatn og avløp på omlag 9 mill. (sjølvkostområde).

Felles mål for heile eininga

- Bidra til god folkehelse ved å gje gode grunnleggjande tenester som reint vatn, handtering av avløpsvatn, friluftsområde, reinhold og inneklima i kommunale bygg.
- Utvikle og gjennomføre investeringsprosjekt innan bygg- og kommunaltekniske anlegg på ein fagleg og økonomisk god måte.

Felles tiltak for heile eininga

- Kartlegge oppgåver, ansvar og forventningar innan dei ulike tenesteområda, og definere tydelegare kva som er kjerneoppgåver.
- Organisere sommarjobb for ungdom/studentar innanfor gitt ramme.

Endringar i planperioden

- Det forventast ein auke i drift- og vedlikehaldsoppgåver innan va-sektoren som fylgje av fleire anlegg og nye forsyningsområde.
- Behovet for vedlikehald av kommunale bygg vil bli ennå høgare da tilstanden på svært mange bygg begynner å bli kritisk dårleg.

5.6.1 Kommunale utleigebustader

Kommunen har totalt 32 utleigebustader, der 19 tildelast etter «Lov om helse og omsorgstenester» av tenestekontoret i Eining for velferd, og resten tildelast etter gjeldande reglement for utleigebustader av eining for teknisk drift.

Det er avsett 0,45 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 597.000 til føremålet. Forventa årlege leigeinntekter er kr 1.863.000.

Mål for tenestene

- Alle utleigebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
- Alle bustadene er til ei kvar tid leigd ut.

Tiltak

- Gjennomføre naudsynt vedlikehald innanfor tildelt økonomisk ramme.
- Oppfølging av rapport om tilstand og behov for vedlikehald, samt evt. sal av bygg.

5.6.2 Kommunale bygg

Kommunen driv tenesteyting i totalt 13 bygg. I tillegg eig kommunen ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi, der nokre av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokre nyttast til lager og andre står ubruka.

Det er avsett 8,7 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 9.260.000.

Lovverk

- Plan og bygningsloven
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Alle kommunale bygg der det drivast tenesteyting er funksjonelle og oppfyller alle lovkrav til utforming.
- Andre kommunale bygg vert teken vare på slik at dei ikkje mistar sin funksjonelle, historiske eller kulturelle verdi.
- Alle kommunale bygg skal vere kartlagt med omsyn til potensiale og utfordringar knytt til Enøk og universell utforming.

Tiltak

- Gjennomføre ombygging av storskulen på Tveit skule iht. budsjett.
- Utarbeide ein langsiktig plan for vedlikehald og oppgradering av kommunal bygg.
- Innarbeide gode rutinar for å gjennomføre utarbeida drift- og vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg.
- Sikre alle bygg mot ytterlegare forfall ved å prioritere utvendig/innvendig vedlikehald.

5.6.3 Kommunale grøntanlegg

Kommunen har store grøntareal, både rundt dei kommunale bygga, i tettstadane, og som idretts- og friluftsområde.

Det er avsett 0,45 årsverk og ei netto budsjettramme på kr 350.000 til føremålet.

Mål for tenestene

- Kommunen sine grøntanlegg skal vere attraktive, funksjonelle og tilgjengelege, og legge til rette for aktivitet og trivsel.

Tiltak

- Aktivt nytte sysselsettingstiltak som ledd i godt sommarvedlikehald.

5.6.4 Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)

Kommunen har ca. 25 km med kommunale vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner. Vidare driv kommunen Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Det er avsett 0,5 årsverk og ei netto budsjettramme på kr 1.820.000 til føremålet.

Lovverk

- Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)
- Rettleiar for trafikksikker kommune – utarbeida av trygg trafikk

Mål for tenestene

- Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard heile året.
- Fjoneferga skal ha ei stabil drift heile året.
- Nissedal kommune skal jobbe mot visjonen om 0 drepne og 0 alvorlig skadde i trafikken.

Tiltak

- Kommunen sin handlingsplan for trafikksikring skal oppdaterast i 2024.
- Utreie behov for tiltak etter erosjonsskader på 1 bru på Kleivvegen.

5.6.5 Brann- og ulykkeberedskap

Nissedal kommune sin brann- og ulykkeberedskap er organisert med eit brannvesen med 17 brannkonstablar som har ein stillingsprosent på 1,4 % i kommunen. I tillegg er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid, Vest-Telemark brannvern. Samarbeidet har ein overordna brannsjef med ansvar for førebyggjande arbeid (feiing og tilsyn), og i tillegg stør kommunane i dei faglege spørsmåla. Brannvesenet har i dag inga fast vaktordning. Kommunen er også ein del av IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) i Telemark, skogbranntroppane og Sør-Øst 110.

Det er avsett ca. 0,3 årsverk, og ei netto budsjettramme på kr 3.219.000 til føremålet.

Lovverk/regionale føringar/retteleiarar

- Lov om Brann og eksplosjonsvern
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om samfunnssikkerhet og beredskap
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet
- Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014
- Klimahjelperen veileder i hvordan ivareta samfunnssikkerhet og klimatilpasning i planlegging etter plan- og bygningsloven, DSB 2015.

Mål for tenestene

- Nissedal kommune skal vere ein trygg stad å opphalde seg.
- Nissedal kommune skal til ei kvar tid ha oversikt over risiko for ynskja hendingar, og jobbe førebyggjande for å minimere risiko og/eller konsekvensane av slike hendingar.
- Kommunen skal kunne handtere krisesituasjonar slik at skadeverknadane blir minst mogleg.
- Kommunen skal ha ein brann- og ulykkeberedskap som handterer alle akutte hendingar på ein god måte.

Tiltak

- Jobbe med å få på plass og implementert fagsystemet Bliksund –GRID. GRID er eit fagsystem for brann og redningsetaten som skal syte for at ein har god oversikt over menneskap, ressursar, kompetanse øvingar mm, samt felles prosedyrar, retningsliner og kommunikasjonsstøtte.
- Gjennomgang av alle kommunale bygg og utarbeide innsatsplanar og objektplanar.

5.6.6 Berekning av ramme teknisk

Teknisk - endring frå ramme 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	15 748 000
Korrigeringar:	
Løns- og prisvekst	1 158 000
Auke straumutgifter utover prisvekst (red. 1 mill. i høve til 2023)	700 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	17 606 000
Tiltak:	
Auke av husleiger komm. Bustader 4%	-114 000
Ekstraord. vedlikehald Fjoneferja	500 000
Ramme 2024:	17 992 000

5.6.7 Vatn og kloakk

Nissedal kommune har ca.1900 abonnentar knytt til vatn og avløp som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Nissedal kommune har sidan 2015 vore vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia. Tenestene er underlagt prinsipp om sjølvkost, dvs. at brukarane av tenestene (abonnentane) skal finansiere utgiftene.

Det er avsett 4,5 årsverk, ei brutto utgiftsramme på 9 mill.

Lovverk

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (Matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Mål for tenestene

- Gjennom gode rutinar for drift, vedlikehald og internkontroll skal kommunen sikre alle abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk.
- Gjennom nye investeringar sikre at infrastrukturen til ei kvar tid dekker behovet for kapasitet og kvalitet.
- Tenestene skal finansierast av brukarane, dvs. ha 100 % dekningsgrad over tid.
- Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Tiltak

- Tilpasse og vidareutvikle driftsrutinar slik at dei til ei kvar tid sikrar levering av gode vass- og avløpstenester.
- Forbetre system for internkontroll/kvalitetssystem.
- Fortsette kartlegging og dokumentering av leidningsnett.
- Revidere «Vass- og avlaupsplan 2017-2027» sidan dei fleste av tiltaka er gjennomført, hensikta med ein slik plan er å føringar for eit målretta arbeid innan va-sektoren.
- Bygge nye høgdebasseng i Treungen og Nissedal.

Økonomiplanen syner svært store investeringar innan VA. Nytt reinseanlegg på Langmoen og nye høgdebasseng i Treungen og i Kyrkjebygda er dei største enkeltprosjekta. Eit auka kostnadsnivå på dei planlagde investeringane som fylgje av generell prisvekst, samt ein betydeleg auke i kapitalkostnader, har stor innverknad på gebyrgrunnlaget dei komande åra.

Det er berekna gebyrgrunnlag slik i planperioden:

VASSFORSYNING	B2023(rev.)	B2024	B2025	B2026	B2027
Driftskostnader	4 909 000	5 076 400	5 279 456	5 490 634	5 710 260
Avskrivningar	3 505 501	4 027 378	4 882 787	4 788 376	4 763 465
Kalkulatoriske rentekostnader	4 441 088	5 769 817	6 111 561	5 748 949	5 499 097
Gebyrgrunnlag	12 855 590	14 873 595	16 273 804	16 027 959	15 972 821

KLOAKK	B2023(rev.)	B2024	B2025	B2026	B2027
Driftskostnader	5 897 000	6 697 000	6 964 880	6 943 475	7 221 214
Avskrivningar	2 308 255	2 323 190	2 258 720	5 080 371	5 058 550
Kalkulatoriske rentekostnader	3 564 175	5 591 872	7 032 275	7 256 327	6 954 608
Gebyrgrunnlag	11 769 430	14 612 062	16 255 876	19 280 173	19 234 371

Budsjetterte dekningsgrader	B2023(rev.)	B2024	B2025	B2026	B2027
Vatn	81,7 %	102,4 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Kloakk	95,0 %	105,2 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %

For perioden 2024-2027 er det lagt til grunn at gebyra må aukast betydeleg dersom ein skal oppretthalde 100 % dekning innan sjølvkostområdet. Dette gjer seg særleg gjeldande i 2024, då ein i tillegg til dei auka kapitalkostnadene må ta høgde for at det ikkje lengre er noko sjølvkostfond å saldere underskot mot. I tillegg syner revidert budsjett for 2023 dekningsgrader under 100 %, og det blir lagt til grunn at underskotet skal dekkast inn gjennom gebyra i 2024.

Årsgebyr

Årsgebyra kan delast mellom Hytter, Hus og Næringsbygg/offentlege bygg.

Ved inngangen til 2024 er det lagt til grunn omlag 2.150 abonnentar. Av desse er det ca. 1.640 hytter. Dette er noko lågare enn det ein stipulerte i gjeldande økonomiplan. Alle hytter har vassmålar og betalar for sitt faktiske forbruk. Prognosane bygger på eit gjennomsnittleg forbruk på 30 m³ for hytter og 200 m³ for andre abonnentar.

Tabellen under syner årskostnaden for 2023 for nokre utvalde kommunar, samt årskostnad i Nissedal som fylgje av forslag til gebyrsatsar i B2024.

Årsgebyr (tal inkl. mva)	m ³	Nissedal 2023	Nissedal B2024	Drangedal 2023	Åmli 2023	Kviteseid 2023
Vatn						
Hus	200	6 750	9 000	9 056	12 080	10 666
Hytte	30	4 275	6 925	6 727	4 051	3 969
Avløp						
Hus	200	7 125	8 750	10 676	9 647	11 651
Hytte	30	5 500	7 288	7 750	3 180	4 078
Sum vatn og avløp						
Hus		13 875	17 750	19 732	21 727	22 317
Hytte		9 775	14 213	14 477	7 231	8 047

Ein større %-vis auke for hytter enn for hus siste 2 år vert grunngjeve med at ein svært stor del av kapitalkostnadene kjem som fylgje av investeringar i infrastruktur retta mot utbyggingsområda for hytter. Ein stor del av kostnadene er forbruksuavhengige, og samtidighetsfaktoren gjev høgare

kostnader, dvs. at ein må ha ein infrastruktur og eit driftsapparat som klarer å levere store delar av det gjennomsnittlege forbruket i løpet av kort tid (juleferie, vinterferie, påskeferie).

Tilkoplingsgebyr

Tilkoplingsgebyra skal i prinsippet vere med å finansiere kapitalkostnadene kommunen får ved å investere i nyanlegg. I all hovudsak er det tilkopling av hytter som gjev desse inntektene. Hytter kan få rett til reduserte gebyrsatsar dersom andre enn kommunen har vore med å opparbeide infrastruktur/finansiert kommunen si opparbeiding.

Med bakgrunn i auka kapitalkostnader som i stor grad kan relaterast til tilrettelegging for nye abonnentar, er også tilkoplingsgebyra auka. Unntaket er ordinær sats for hytter, då denne vart auka i 2023.

5.6.8 Berekning av ramme sjølvkost vatn og kloakk

Sjølvkost vatn og kloakk endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	-16 283 000
Korrigeringar:	
Endra ramme pga. høgare rente og nye inv.	-3 066 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	-19 349 000
Tiltak:	
Ramme 2024:	-19 349 000

5.7 Plankontor

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret har for 2024 budsjettert med 4,35 årsverk fordelt på fem stillingar. Inntektene, i det alt vesentlege behandlingssgebyr, er budsjettert til 3,61 mill. kr. Etter samarbeidsavtalen skal kommunane fordele nettokostnaden ved drifta av plankontoret etter folketalet. For 2024 er andelen til Nissedal berekna til 37,3 %. For sjølvkostområda oppmåling og byggesak er det eit mål å oppnå 100 % dekningsgrad, dvs at desse tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Felles mål for heile plankontoret

- Legge til rette for bustadbygging og næringsetableringar i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.1.5 og 4.2.
- Legge til rette for bygging av fritidsbustader i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.2 og 4.3.4.
- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag gjennom vidare arealkartleggingar av t.d. kulturminne, naturtypar og friluftslivsaktivitetar.
- Syte for rask behandling av alle typar søknader. Ikkje brot på lovfastsett behandlingstid.

Felles tiltak for heile plankontoret

- Tilpasse årsverk til eventuell endring i oppdragsmengde og/eller endra saksbehandlingskrav.

Endringar i planperioden for heile plankontoret

5.7.1 Administrasjon og plan

Tenester/arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Naturmangfaldlova, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2024: 0,90.

Mål for tenestene

- Alltid ha oppdaterte arealplanar.
- Ha nok detaljplanlagde tomter for bustadbygging, med vekt på sentrumsområda Treungen og Kyrkjebygda.
- Yte rett og rask service til alle som etterspør kartbasert informasjon.

Tiltak

- Fullføre rulleringa av kommunedelplanen for Treungen sentrum, lokalisering av ny Tveitsund bru.
- Revidere detaljreguleringsplanen *Framnes Øvre*.

5.7.2 Kart og oppmåling

Tenester/arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Matrikkellova, Eigarseksjoneringslova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2023: 1,65.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Få kommunen autorisert som oppmålingsmynde, jf. nytt forskriftskrav.
- Rette opp og supplere i feil/manglande vegadresser.
- Tilby utarbeiding av tomtedelingsplanar for private.

5.7.3 Byggesaksbehandling

Tenester/arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

Budsjetterte årsverk 2024: 1,80.

Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

Tiltak

- Sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).
- Kontrollere at rutine for prøvetaking og service av § 13-anlegga blir gjennomført.

5.7.4 Berekning av ramme for plan og næring

Plan - endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023	1 086 000
Korrigeringar:	
Løns- og prisvekst	196 000
Næring skilt ut som eige rammeområde	-909 000
Sjølvkostfond bruka opp	88 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	461 000
Tiltak:	
Ramme 2024:	461 000

5.8 Næringsutvikling

Nærings sjefen jobbar tett med næringsdrivande og Nissedal næringslag. Sentrale lovverk og planar med særleg fokus på næring er Strategisk næringsplan for Nissedal, Vedtekter for kraftfond og næringsfond, retningslinjer for næringsstøtte og samarbeidsavtalar med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Legge til rette næringsareal for utvikling av ny handel og næring og utviding av eksisterande.
- Vere orientert kring det eksisterande næringslivet.
- Legge til rette for kompetansearbeidsplassar t.d. via private næringshagar.
- Legge til rette for mindre pendling gjennom arbeid frå kontorfellesskap, næringshagar, heimekontor- og hytter for arbeidsgjevarar utanfor kommunen.
- Utnytte kompetansen hos- og involvere hyttebuarar i kommunen.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband via fiber, 5G eller satellitt.
- Utvikle Nissedal som eit attraktivt og berekraftig reisemål.
- Vidareutvikle området rundt Jettegrytene.

Tiltak

- Arbeide vidare med avklaring og tilrettelegging rundt Jettegrytene kva gjeld både ordna tilkomst, parkering, berekraftig bruk/strategi for besøk og reguleringsplan.
- Fullføre breibandsutbygging ved å følgje opp inngåtte kontraktar.
- Samarbeide vidare med Åmli, Froland og Fyresdal i eit prosjekt om utvikling av Nidelva.
- Starte arbeidet med ny strategisk næringsplan etter at nytt politisk styre er på plass hausten 2023.
- Jobbe for heilårsdrift av Fjoneferga gjennom tett samarbeid med operatør og ruteplan for heile året.
- Avklare eventuell deltaking i interesseorganisasjonen E134 Haukelivegen AS.
- Følgje opp «Masterplan for reiselivet i Vest-Telemark» ved politisk behandling av planen «Reiselivsstrategi for Vest-Telemark».
- Utarbeide ny marknadsføringsstrategi. Utarbeiding av strategi for å marknadsføre Nissedal som ein attraktiv kommune å drive næring i, bu og gjeste skjer fyrst etter at reisemålsutviklingsprosessen i Vest-Telemark er ferdig medio 2023.
- Kartlegge ledig bustadar, bustadtomter, næringslokal og næringsareal i kommunen.
- Rekruttere utflytte nissedøler som kan tenke seg å flytte heim att. Her blir det samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark.
- Utgreiing av kva som skal skje med kommunens eigedom Fjonesundet. Dette skjer fyrst når/om det blir klart at fylkeskommunen tek over ferjedrifta av Fjoneferja.
- Starte kartlegging og arbeidet med planen «Nissedal mot 2050 - ein berekraftig reiselivskommune - ein plan for bruk av naturen vår». Dette må ein sjå på i samanheng med eksisterande planar, rullering og eventuell uttrekking av hyttefelt.

5.8.1 Næringsbaserte kulturaktivitetar

Utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver vil knyte seg til planverk som Plan for idrett og friluftsliv, Kulturminneplan (planarbeid under oppstart) og til gjennomføring av tiltak i reguleringsplanar med særleg fokus på fritidsaktivitetar for fastbuande og for reiselivet.

Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Vere ein aktør for lokalt næringsliv for auka bruk av natur- og kultur(minne)basert reiseliv (jf. kommuneplanens punkt 4.2.1, 4.2.2, 4.2.5).
- Utvikle/stimulere tiltak som gir betre folkehelse for innbyggerane.

Tiltak

- Arbeide vidare med kommunal kulturminneplan.
- Sektorsamarbeid med teknisk, for vedlikehald av tur- og sykkelløype frå Tjønnefoss til Høgfoss.
- Profilere sykkelløypa mellom Tjønnefoss til Høgfoss, til dømes: marknadsføring, utsetting av benkar og skilting.
- Skilting av sentrum: p-plassar og kulturhistorie. Det er søkt fylkeskommunen om støtte til eit formidlingsprosjekt for området.
- Jobbe vidare mot realisering av klatrehall i Lokstallen gjennom å søkje eksterne midlar og samarbeide med eksterne og lokale aktørar. Sjå prosjektet med klatrehall/lokkstall i ljos av Nidelva-prosjektet.
- Arbeide vidare med realisering av universelt utforma bru for gange og sykkel, sett i ljos av planlagt ny bilbru.
- Legge til rette for kulturbaserte næringar og halde fram samarbeidet med Treungenfestivalen.
- Fange opp og søke støtte frå eksterne finansieringskjelder for ulike aktivitetstiltak i privat eller kommunal regi. Til dømes søknadar om spelemidlar knytt til Plan for idrett og friluftsliv.
- Prosjekttere sentrumsnære terrengsykkelløyper, finansiert av VTFK.
- Berekraftig reiseliv

5.8.2 Berekning av ramme for næring

Næring endring av ramme frå 2023 til 2024:	
Ramme opphavleg budsjett 2023:	0
Korrigeringar:	
Ramme overført frå plan	909 000
Løns- og prisvekst	36 000
Oppgåvekorrigert ramme 2024:	945 000
Tiltak:	
Fjerne løyvingsdel av eigedomsskattepoten	-330 000
Eigenandel prosjekt omstillingskommune	660 000
Auka bruk av kraftfond - fin. av næringsarbeidet	-150 000
Ramme 2024:	1 125 000